



KSK-notat nr.: 42/2012 - Bakgrunn for vedtak

Søker/sak:	Flere søkere/10 småkraftverk langs Sørfjorden	
Fylke/kommune:	Hordaland/Odda, Ullensvang	
Ansvarlig:	Øystein Grundt	Sign.:
	Auen Korbøl, Dag Kjellevoid,	
Saksbehandlere:	Marianne Bismo	Sign.:
Dato:	26 JUN 2012	
	NVE 200803694-51, 200802066-52, 201003472-48, 200803266-50, 201100595-51, 200902694-50, 201004121-49, 200803814-52,	
Vår ref.:	200804817-51, 200801493-52	
Sendes til:	Søker og alle som har uttalt seg til saken	

Søknad om tillatelse til bygging av 10 småkraftverk i Odda kommune og Ullensvang herad, Hordaland


Innhold

Søknader	3
Høring og distriktsbehandling	3
Søkers kommentarer og tilleggsopplysninger.....	47
NVEs vurdering.....	47
Konklusjon.....	67
Innsigelse fra Fylkesmannen	67

NVE har behandlet 10 søknader og har etter en totalvurdering kommet til at for Storelvi, Espeelvi, Sleveåne, Byro, Skiparvik og Bråberg kraftverk så overstiger fordelene ved bygging skadene og ulempene for allmenne og private interesser. Kravet i vannressursloven § 25 er oppfylt og tillatelse gis på nærmere fastsatte vilkår. For Børve/Deildo, Skjeldvikelva og Øvre- og Nedre Digranes kraftverk overstiger ulempene ved bygging fordelene slik at kravet i vannressursloven dermed ikke er oppfylt og tillatelse kan ikke gis.

For nærmere begrunnelse se bakgrunn for vedtak for hver av søknadene sammen med NVEs vurdering av prosjektene samlet som er gitt i dette dokumentet.

Oversiktskart over Sørfjorden med de 10 omsøkte prosjektene



Søknader

NVE har tatt til behandling 10 søknader om bygging av småkraftverk langs Sørfjorden i Odda kommune og Ullensvang herad i Hordaland.

Kraftverk	Kommune	Søker	Produksjon (GWh/år)	Henvisning til enkeltdokument
Børve/Deildo	Ullensvang	Småkraft AS	15,7	KSK-notat nr. 32
Storelvi	Ullensvang	Storelvi kraftverk AS	13,9	KSK-notat nr. 33
Espeelvi	Ullensvang	Espeelvi Kraft SUS	12,0	KSK-notat nr. 34
Skjeldvikelva	Ullensvang/Odda	Småkraft AS	7,7	KSK-notat nr. 35
Sleveåne	Odda	Fjellkraft AS	15,1	KSK-notat nr. 36
Øvre Digraneselvi	Odda	Fjellkraft AS	16,8	KSK-notat nr. 37
Nedre Digraneselvi	Odda	Fjellkraft AS	14,9	KSK-notat nr. 38
Byro	Ullensvang	Småkraft AS	10,1	KSK-notat nr. 39
Skiparvik	Ullensvang	KraftKarane AS	4,0	KSK-notat nr. 40
Bråberg	Ullensvang	Bråberg Kraft AS	5,3	KSK-notat nr. 41
		SUM:	115,5	

For teknisk beskrivelse av prosjektene henviser vi til de enkelte KSK-notatene.

I tillegg til disse søknadene har Fjellkraft AS sendt inn søknad om bygging av Syreflot kraftverk i Syreflot i Ullensvang herad. Søkadsutkastet er datert i februar 2012, og kom for sent for å bli behandlet samtidig med de 10 omsøkte kraftverkene i Sørfjorden. Diskusjonene her kan allikevel brukes når søknad om bygging av Syreflot kraftverk skal behandles.

Statkraft Energi AS har søkt om å overføre Vetle Vendeatn i Ullensvang herad og søknaden er tatt til behandling av NVE. Søknaden vil ikke inngå i de vurderingene som gjøres i de 10 ovennevnte søknadene da NVE vurderer at prosjektet i hovedsak vil påvirke et annet landskapsområde. Det har heller ikke fremkommet noe i høringsprosessen av Vetle Vendeatn som tilsier at sakene bør behandles samtidig.

Høring og distriktsbehandling

Søknadene er behandlet etter reglene i kapittel 3 i vannressursloven. De er kunngjort og lagt ut til offentlig ettersyn. I tillegg har søknadene vært sendt lokale myndigheter og interesseorganisasjoner, samt berørte parter for uttalelse. Det ble avholdt et folkemøte i Kinsarvik den 31.3.2011. NVE har mottatt høringsuttalelser både samlet for de 10 søknadene og til enkeltsøknader. Alle høringsuttalelsene er sitert under. Høringsuttalelsene har vært forelagt søkerne for kommentar. Kommentarene fra søkerne er sitert i enkeltdokumentene. NVE var på befaring av de enkelte prosjektene i Sørfjorden den 15. og 16. august og 13., 14. og 15. september 2011. Ev. endringer i planene som er kommet inn i etterkant av befaringene er beskrevet i enkeltdokumentene.

NVE har mottatt følgende merknader til søknadene:

Odda kommune har i kommunestyret den 22.6.2011 fattet følgende vedtak for søknadene som omhandler Sleveåne, Øvre Digraneselvi, Nedre Digraneselvi og Skjeldvikelva kraftverk:

"Odda kommune meiner at konsekvensene av desse naturinngrepa er for store og samfunnsnyttan er for liten til å tillate utbygging av desse elvane."

Vi siterer vidare fra saksframlegget:

"...

Saken gjelder:

Høring av søknader om tillatelse til å bygge ti småkraftverk i Odda kommune og Ullensvang herad. Det vises til vedlegg 1. "Fleire søkjarar - Søknadar om løyve til å bygge ti småkraftverk i Odda kommune og Ullensvang herad, Hordaland – Høyring" datert 11. mars 2011.

For Odda kommune gjelder det søknadene om tillatelse til å bygge kraftverkene: Øvre Digraneselvi, Nedre Digraneselvi, Skjeldvikelva og Sleveåne.

Alle nevnte vassdrag er plassert i grønn sone i kommunedelplan for energi og vassdrag, jfr. vedtak i OK-sak 094/08. Grønn konfliktsone er definert som: "Få interesser knyttet til vassdraget, lavt konfliktnivå og kommunen ønsker utbygging av vassdraget."

Det ble gjennomført synfaring av alle de fire vassdragene med Utviklingskomiteen i forbindelse med møte 18.05.2011.

Det var kun i forbindelse med synfaring av Nedre Digraneselvi at det kom fram skeptiske innvendinger fra grunneier til vassdraga. En av grunneierne til Nedre Digraneselvi var negativ til nedre del av traseen for rørgata som var lagt over dyrka mark. I tillegg var det uttrykt bekymring for ev. virkning av snøskred som kunne gi flom ved kollisjon med inntaksmagasinet for dette kraftverket.

De nærmeste vassdraga i Odda kommune til omsøkte er Edna, i rød sone og Tokheimselva og Eitrheimselva som er i gul sone. De to sistnevnte har vært gjennom en søknadsrunde tidligere uten å få konsesjon med begrunnelse i beliggenhet i forhold til Folgefonna nasjonalpark. Alle disse tre elvene er viktige for landskapsopplevelsen. Av de fire som nå er søkt utbygget er det spesielt øverste del av Øvre Digraneselvi som viser godt igjen i landskapet.

De fire søknadene er presentert fortløpende nedenfor. Det er også lagt ved kopier av foto som viser utbyggingsområdene. I tillegg er gjengitt "Samlet vurdering av utbygging av 10 planlagte prosjekt langs Sørfjorden".

Oppsummering av de fire søknadene for bygging av Sleveåne, Øvre Digraneselvi, Nedre Digraneselvi og Skjeldvikelva kraftverk:

- 1. Alle nevnte vassdrag ligger i grønn sone i vedtatte kommunedelplan for energi og vassdrag.*
- 2. Basert på nedenstående vurderinger av hver av de fire omsøkte kraftverkene og rapporten "Samlet virkning av småkraftverk – Miljøfaglig utredning rapport 2010-38", rår rådmannen til en positiv uttalelse til konsesjonssøknadene.*
- 3. NVE bør nøye vurdere krava til minstevannføringen i omsøkte vassdrag for utbygging for å få minst mulig reduksjon i landskapsopplevelsen fra disse elvene. I tillegg må NVE sjekke ut flomfaren ved skred som treffer inntaksmagasinet til Nedre Digraneselvi og vurdere å unngå inngrep i dyrka mark i nedre del av traseen for dette kraftverket.*

...”

Ullensvang herad har i heradstyret den 9.5.2011 fattet følgende vedtak for søknad om bygging av Børve/Deildo kraftverk:

”Vedtak:

Ullensvang heradstyre rår til at utbygginga av Børve/Deildo kraftverk får konsesjon i samsvar med søknad, men på fylgjande vilkår:

- *Anleggsfasen bør ikkje uroa villrein i kalving eller kongeørn i hekkeperioden.*
- *Revegetasjon av røytrasear bør skje med stadeigne massar og vegetasjon.*
- *Der røyrgata går over dyrka/dyrkbar mark, bør ho leggjast så djupt at tradisjonell landbruksdrift kan gå som normalt.*
- *Vurdering av minstevassføring.”*

Vi siterer vidare fra saksframlegget:

”Vurdering:

Planstatus:

Området er i kommuneplanen sin arealdel LNF-område. Kommuneplanen er under rullering, og planlagde småkraftverk er teke inn i framlegget til ny plan som LNF-spreidd erverv med tilhørande føresegner. I kystsoneplanen er det lagt føringar på plassering av kraftstasjonar. Dei bør helst ligga på oppsida av riksveg/fylkesveg.

Landskapsbilet, friluftsliv og reiseliv:

Den samla rapporten for Sør fjorden plasserar Børve/Deildo kraftverk i delområde 2. Det planlagde prosjektet vil i følgje rapporten gje ”ubetydeleg/liten negativ sumvirkning” for landskapsbiletet. For friluftsliv er sumverknaden den same, medan for reiseliv vil den vera liten negativ. Elvane er lokalt synlege for dei som ferdast langs elvene, men mindre synlege i det store landskapsbiletet. NVE bør vurdere minstevassføringa. Nedgravinga av røyrgata vil medføra eit sår i landskapet, men dette vil forsvinna når vegetasjonen veks til att. Det skal bli bygd anleggsveg på nordsida av Børveelva. Denne vil i tillegg til å vera anleggsveg, bidra til uttak av tømmer og ved. Elles skal tilkomstveg til kraftstasjonen gå langs eksisterande veg som blir oppgradert.

Biologisk mangfald, flora, fauna og fisk og ferskvassbiologi:

Miljøvurderinga vurderar tiltaket til å få middels negativ konsekvens i drifts- og anleggsfase for flora og fauna, og liten negativ konsekvens for fisk og ferskvassbiologi. Redusert vassføring i elvene vil truleg medføra redusert tilgang på føde og hekkplassar for fossefall og andre vassdragstilknytt fuglearter. Viss det er villreinkalving på vestvidda i anleggsfasen, kan dette føra til negative forstyrringar for reinsdyra. Me meiner difor at viss det er kalving i området, bør anleggsfasen forskyvast slik at han ikkje forstyrrar kalvinga. Av dei sju tiltaka i Ullensvang, er dette det som vil føra til størst tap av INON-område. Totalt vil 6,4 km² gå tapt ved utbygging, og 8,2 km² vil bli omklassifisert til lågare soner.

Kulturminne og -miljø:

Basert på miljøvurderinga vil det ikkje bli direkte konflikt mellom prosjektet og kulturminne. Prosjektet kan få ein negativ innverknad på kulturmiljøet, særleg i anleggsfasen.

Lokalsamfunn:

For lokalsamfunnet vil prosjektet vera positivt. Det vil medføra arbeidsplassar i anleggsfasen, og tilleggsinntekter til fallrettshavarane i lang tid framover. Dette kan vera med på å styrkja interessa for ungdom å koma heim og overta gardsbruk. For heradet vil tiltaket medføra auka skatteinntekter.

...

Oppsummering:

Basert på vurderinga av Børve/Deildo kraftverk og ei samla vurdering av alle utbyggingane i Sørfjorden, rår rådmannen til ein positiv uttale til konsesjonssøknaden. NVE bør vurdere å setja krav til avbøtande tiltak, mellom anna i høve til hekkande fugl og villreinkalving og vurdering av minstevassføringa for å sikra landskapsbiletet. Generelt vil me seia at sidan dette er einaste høvet heradet har til å uttala seg om konsesjonspliktige tiltak, så er det ei føremon om kraftstasjonsbygning og anleggsveg er utgreidd og illustrert betre.

...”

Rådmannen sitt framlegg til vedtak er i samsvar med heradstyrets vedtak.

Ullensvang herad har i heradstyret den 9.5.2011 fattet følgende vedtak for søknad om bygging av Storelvi kraftverk:

”Ullensvang heradsstyre rår til at utbygginga i Storelvi får konsesjon i samsvar med søknad på alternativ 1, men på fylgjande vilkår:

- *Revegetasjon av røytrasear bør skje med stadeigne massar og vegetasjon.*
- *Viss røyrgata går over dyrka/dyrkbar mark, bør djupna vera slik at tradisjonell landbruksdrift går som normalt.*
- *Vurdering av minstevassføring for å ta vare på biologisk mangfald.*
- *Plassering av kraftstasjon vert vurdert trekt lengre vekk frå riksvegen og utanfor dyrka mark.*
- *Det bør vurderast om mellombels anleggsveg kan erstattast med annan transportløysing.”*

Vi siterer vidare fra saksframlegget:

”...

Vurdering:

Det er 19 grunneigarar som har skrevet avtale med Storelvi kraftverk.

Planstatus.

I gjeldande kommuneplan ligg tiltaket i LNF – område (Landbruks- Natur- og Friluftsområde). Heradet er positiv til kraftutbygging, dersom ho ikkje fører med seg store negative konsekvensar. Kommuneplanen er under revidering og i framlegg til ny plan, vil dette området liggja inne som LNF spreidd erverv, jf. pbl § 11-7nr 5 b. I vedteken kommunedelplan for kystsona (femner om 100 m beltet på land), ligg det føringar på plassering av kraftstasjonsbygg. Desse skal i hovudsak plasserast ovanfor veg, slik at det vert minst mogleg inngrep i strandsona.

Landskapsbilette, friluftsliv og reiseliv.

Øvste delen av Storelvi ligg godt synleg i landskapsbiletet. Dette området er ikkje med i utbygginga. Den nedste delen av elva er lite synleg i landskapsbiletet. Permanent veg opp til 400 m og røyrgate vil verta godt synleg i dette området. Anleggsveg vidare oppover vil også verta godt synleg og me vil tru at det vil gje inngrep som vert vanskeleg å revegetera. Det at denne kan bidra til at meir trevyrke vert tilgjengeleg, og at uttaket vert større. Dette kan gjev viktige bidrag til landbruksdrifta. I forhold til reiselivet, vil utbygging av dette vassdraget gje mindre negative konsekvensar. Området er lite nytta av andre enn lokalbefolkninga. Vassdraget vil renna som normalt ned mot riksvegen, der dei fleste turistane vil køyra/stogga.

Teknisk anlegg

Inntaksdam

Denne er plassert ca. på kote 650, i tillegg vert det eit inntak på kote 840. Dette området vert eksponert og ut frå landskapsomsyn er det lite negativt med denne plasseringa.

Røyrgate

Røyrgata er planlagt på nordsida av eksisterande elv. Det er planlagt at røyrgata skal gravast ned på heile strekkja. Inngrepet vil verta synleg i landskapsbiletet til området er revegetert. Røyrgata vil gå over dyrka/dyrkbar mark. På dette arealet må røyrgata leggjast så djupt ned at den vanlege jordbruksdrifta kan halde fram som før. Det er viktig at det i samband med vilkår til konsesjonen, vert sett krav om skånsam framferd i området, og at det ikkje vert store synlege sprengflatar.

Kraftstasjon

Den er plassert rett ovanfor/ alternativ nedafor riksveg 13, ca. 10 m frå veglina. Plasseringa på nedsida er ikkje i samsvar med dei signal heradet har gjeve i kommunedelplan for kystsona. Plasseringa på rett ovanfor riksvegen, vert på dyrka areal. Denne plasseringa treng også dispensasjon frå veglova. Rådmannen vil rå til at det vert sett på ei plassering lengre vekk frå vegen, ca. 80 m lengre oppe. Ei plassering her vil verta mykje mindre dominerande og me vil tru at det ikkje vert så stor reduksjon i produksjonen, som følgje av høgdetapet. Me vil også tru at det vert lettare å stetta krava i forhold til støy. Heradet arbeidar med bustadfelt i Sekse området. Dersom alternativ mot Stor vert nytta, vil den planlagde plassering truleg koma i konflikt med tilførselsveg til feltet.

Andre tiltak, vegar, nettilkopling, massedeponi

Det er planlagt oppgradering av traktorveg i samband med dette tiltaket opp til ca. kote 400. vidare er det planlagt mellombels anleggsveg opp til inntaket på kote 650. desse tiltaka vert vanskeleg å skjula og vil truleg verta varige inngrep. Nettilknytning er planlagt lagt i jordkabel til eksisterande trafo. Det er planlagt at massane skal nyttast langs traseen, så det vert ikkje naudsynt med deponi.

Biologisk mangfald

Miljørapporten sin samla vurdering, landar på at tiltaket vil ha liten – middels negativ effekt på området. Det er eit vassdrag som det ikkje er fisk i, grunna naturlege stengsler. Tiltaket vil gje ei reduksjon i INON arealet (inngrepsfritt areal) på 4,2 km². Tiltaket vil samla ha ei middels negativ konsekvens på naturtype. Det er ikkje opplyst om det er gjort funn av raudlisteartar (art som står i fare for å verta utrydda) innanfor influensområdet, men dei fremhevar at det er gjort funn av sju moseartar som er sjeldne eller fåtallige i regionen.

Kulturminne og kulturmiljø

Det er registret fleire automatisk freda kulturminne i mellom Storelvi og Matbekken. Slik heradet vurderar det vil ikkje desse kome i konflikt med tiltaket.

Lokalsamfunn

For lokalsamfunnet vil prosjektet ha ei overvekt av positive sider. Det vil medføra arbeidsplassar i anleggsfasen og litt vil det også verta i samband med drift, tilsyn og vedlikehald i framtida. Det kan også vera med på å styrkja interessa for ungdomen for å koma heim å overta gardsbruk. Det vil gje inntekter til grunneigarane og skatteinntekter til heradet.

...

Oppsummering:

Rådmannen vil på grunnlag av momenta som er lista opp, tilrå ei utbygging av vassdraget. Utføringa må halde ei høg kvalitet og arbeidet må utførast skånsamt. Dette må NVE syta for vert gjort i samband med vilkår for utbygginga.

... ”

Rådmannen sitt framlegg til vedtak er i samsvar med heradstyrets vedtak.

Ullensvang herad har i heradstyret den 9.5.2011 fattet følgende vedtak for søknad om bygging av Espeelvi kraftverk:

”Heradsstyret i Ullensvang rår til at utbygging av Espeelvi kraftverk får konsesjon i samsvar med søknad, men med følgjande vilkår:

- *Der røyrgate går på dyrka/eller dyrkbar mark, skal røyrgata plasserast så djupt at tradisjonelt jordbruksdrift kan utøvast som normalt.*
- *Den permanente traseen for øvste delen av røyrgata, må ikkje ha for stor breidd.”*

Vi siterer vidare fra saksframlegget:

”Vurdering:

Dette er eit prosjekt som grunneigarane på Espe har utarbeidd i samarbeid med Sweco. Det er fire grunneigar som har rettar i samband med dette tiltaket.

Planstatus

I gjeldande kommuneplan ligg tiltaket i LNF-område (Landbruks- Natur- og Friluftsområde). Heradet er positiv til kraftutbygging, dersom ho ikkje fører med seg store negative konsekvensar. Kommuneplanen er under revidering og i framlegg til ny plan, vil dette området ligg inne som LNF spreidd erverv, jf. pbl § 11 – 7nr 5 b. I vedteken kommunedelplan for kystsona (femner om 100 m beltet på land), ligg det føringar på plassering av kraftstasjonsbygg. Desse skal i hovudsak plasserast ovanfor veg, slik at det vert minst mogleg inngrep i strandsona.

Landskapsbilete, friluftsliv og reiseliv

Espeelvi ligg ikkje godt synleg i landskapsbiletet, men vassdraget ligg som eit markant dalsøkk i landskapet. Det er i hovudsak rørgata i øvste delen som vil verta mest synleg. Dette grunna ynskje frå grunneigarane om å nytta traseen til traktorveg – veg for terrengkøyrety. Det at denne traseen kan nyttast til dette, kan bidra til at meir trevyrke vert tilgjengeleg, og at uttaket vert større. Dette kan gje viktige bidrag til landbruksdrifta. I forhold til reiselivet, vil utbygging

av dette vassdraget gje mindre negative konsekvensar. Området er lite nytta av andre enn lokalbefolkninga. Vassdraget vil renne som normalt ned mot riksvegen, der dei fleste turistane vil køyre/eventuelt stogga.

Teknisk anlegg:

Inntaksdam

Denne er plassert ca. på kote 640. Dette området er lite eksponert og ut frå landskapsomsyn er det lite negativt med denne plasseringa.

Røyrgate

Røyrgate er planlagt på nordsida av eksisterande elv. Det er planlagt at røyrkata skal gravast ned på heile strekkja. Inngrepet vil verta synleg i landskapsbiletet til området er revegetert. I og med at dei ynskjer å nytta røyrtrase til køyring/tilsyn med terrengkøyrety, vil det verta ei open trasé i landskapet. Det er viktig at denne ikkje får for stor breidd. Røyrkata vil gå over dyrka/dyrkbar mark. På dette arealet må røyrkata leggast så djupt ned at den vanlege jordbruksdrifta kan halde fram som før. Det er viktig at det i samband med vilkår til konsesjonen, vert sett krav om skånsam framferd i området, og at det ikkje vert store synlege sprengflatar.

Kraftstasjon

Den er plassert ovanfor riksveg 13, ca. 150 m frå veglina. Plasseringa er i samsvar med dei signal heradet har gjeve i kommunedelplan for kystsona. Plasseringa vil verta i eit område med fleire tekniske inngrep, og soleis ikkje verta framtrudande i landskapsbiletet.

Andre tiltak, vegar, nettilkopling, massedeponi

Det er ikkje planlagt ny veg i samband med dette tiltaket. Dei har planlagt at røyrtrase skal verta køyrbar med terrengkøyrety (ATV). Nettilknytning er planlagt lagt i jordkabel, med to moglege alternative trasear. Traseane er ikkje synleggjort på kart, men høgspenllina går litt ovanfor planlagt plassering av kraftstasjon. Det er planlagt at massane skal nyttast langs traseen, så det vert ikkje naudsynt med deponi.

Biologisk mangfald

Miljørapporten sin samla vurdering, landar på at tiltaket vil ha liten negativ effekt på området. Det er eit vassdrag som det ikkje er fisk i, grunna naturlege stengsler. I forhold til landbruksdrift, er det lite/ikkje areal som er rekna som areal med høg landbruksverdi. Tiltaket vil ikkje gje endring i INON arealet (inngrepsfritt areal). Artsmangfald/naturtypar er klassifisert som lite viktig. Det er registrert tre raudlisteartar (art som står i fare for å verta utrydda) innanfor influensområdet. Dette er: Hønsehauk, Alm og Ask. Dette artane vert lite berørt av tiltaket.

Kulturminne og kulturmiljø

Det er to automatisk freda kulturminne i influensområdet. Slik heradet vurderar det vil ikkje desse kome i konflikt med tiltaket.

Lokalsamfunn

For lokalsamfunnet vil prosjektet ha ei overvekt av positive sider. Det vil medføra arbeidsplassar i anleggsfasen og litt vil det også verta i samband med drift, tilsyn og vedlikehald i framtida. Det kan også vera med på å styrkja interessa for ungdomen for å koma heim å overta gardsbruk. Det vil gje inntekter til grunneigarane og skatteinntekter til heradet.

...

Oppsummering

Rådmannen vil på grunnlag av momenta som er lista opp, tilrå ei utbygging av vassdraget. Utføringa må halde ei høg kvalitet og arbeidet må utførast skånsamt. Dette må NVE syta for vert gjort i samband med vilkår for utbygginga.

...”

Rådmannen sitt framlegg til vedtak er i samsvar med heradstyrets vedtak.

Ullensvang herad har i heradstyret den 9.5.2011 fattet følgende vedtak for søknad om bygging av Skjeldvikelva kraftverk:

”Ullensvang heradsstyre rår til at utbygginga i Skjeldvikelva får konsesjon i samsvar med søknad, men på fylgjande vilkår:

- *Anleggsfasen bør ikkje uroa hekkande kongeørn.*
- *Revegetasjon av røytrasear bør skje med stadeigne massar og vegetasjon.*
- *Viss røyrgata går over dyrka/dyrkbar mark, bør djupna vera slik at tradisjonell landbruksdrift går som normalt.*
- *Vurdering av minstevassføring for landskapsbiletet sin del.”*

Vi siterer vidare fra saksframlegget:

”Vurdering:

Planstatus:

Området er i kommuneplanen sin arealdel LNF-område. Kommuneplanen er under rulling, og planlagde småkraftverk er teke inn i framlegget til ny plan som LNF-spreidd erverv med tilhøyrande føresegner. I kystsoneplanen til heradet er det lagt føringar på plassering av kraftstasjonar. Dei bør helst ligga på oppsida av riksveg/fylkesveg.

Landskapsbilette, friluftsliv og reiseliv:

Den samla rapporten for Sørfjorden plasserar Skjeldvikelva kraftverk i delområde 4. Det planlagde prosjektet vil i følgje rapporten gje ”liten negativ sumvirkning” for landskapsbiletet. For friluftsliv er sumverknaden den same, medan for reiseliv vil den vera liten/middels negativ. Nedgravinga av røyrgata vil medføra eit sår i landskapet, men dette vil forsvinna når vegetasjonen veks til att. Skjeldvikelva er godt synleg i landskapsbiletet, jf. foto 1 i vedlegg 6. Det bør vurderast minstevassføring for å sikra at den ikkje forsvinn heilt frå landskapsbiletet. Tilkomstveg til kraftstasjonen er lite omtala.

Det bør setjast krav til utforminga av vegen og kantvegetasjon. I tillegg bør det koma fram om vegen går over landbruksareal og om det er råd å vurdere alternativ plassering.

Me saknar litt ei noko meir detaljert skildring av kraftstasjonsbygning og vegtilkomst.

Biologisk mangfald, flora, fauna og fisk og ferskvassbiologi:

Miljøvurderinga vurderar tiltaket til å få middels negativ konsekvens i anleggsfasen og liten til middels negativ konsekvens i driftsfasen for flora og fauna. For fisk og ferskvassbiologi er tiltaket forventa å få ubetydeleg til liten negativ konsekvens. Det er registrert fossefall nedstrøms planområdet, og med mindre vassstilførsel kan denne forsvinna frå området. Det er

hekkeområde for kongeørn i området, og den kan bli forstyrret av anleggsarbeidet. Me meiner difor at viss anleggsperioder er i tidsrommet mars til juni, så bør det vurderast avbøtande tiltak. Tiltaket vil medføra tap av INON-område på 1,78 km².

Kulturminne og -miljø:

Basert på miljøvurderinga vil det ikkje bli direkte konflikt mellom prosjektet og kulturminne. Prosjektet kan få ein negativ innverknad på kulturmiljøet, særleg i anleggsfasen. Kulturmiljøet er rikt, men og sterkt prega av attgroing.

Lokalsamfunn:

For lokalsamfunnet vil prosjektet vera positivt. Det vil medføra arbeidsplassar i anleggsfasen, og tilleggsinntekter til fallrettshavarane i lang tid framover. Dette kan vera med på å styrkja interessa for ungdom å koma heim og overta gardsbruk. Då sjølv kraftstasjonen ligg i Odda kommune, vil tiltaket truleg ikkje medføra auka eigedomsskatteinntekter for Ullensvang herad, viss det ikkje vert inngått ein delingsavtale mellom kommunane.

...

Oppsummering:

Basert på vurderinga av Skjeldvikelva kraftverk og ei samla vurdering av alle utbyggingane i Sørfjorden, rår rådmannen til ein positiv uttale til konsesjonssøknaden.

NVE bør vurdera å setja krav til avbøtande tiltak, mellom anna i høve til hekkande fugl og vurdering av minstevassføringa for å sikra landskapsbiletet. Generelt vil me seia at sidan dette er einaste høvet heradet har til å uttala seg om konsesjonspliktige tiltak, så er det ei føremon om kraftstasjonsbygning og vegtilkomst er utgreidd og illustrert betre.

...”

Rådmannen sitt framlegg til vedtak er i samsvar med heradstyrets vedtak.

Ullensvang herad har i heradstyret den 9.5.2011 fattet følgende vedtak for søknad om bygging av Byro kraftverk:

”Heradsstyret i Ullensvang rår til at utbygging av Byro kraftverk får konsesjon i samsvar med søknad, men med følgjande vilkår:

- *Alle tiltak skal utførast så skånsamt som råd. Ved revegetering skal det nyttast mest mogleg naturleg vegetasjon.”*

Vi siterer vidare fra saksframlegget:

”Vurdering:

Dette er eit prosjekt som grunneigarane i Lindvik har utarbeidd i samarbeid med Småkraft AS. Tiltaket ligg i område 9 Sørfjorden, i fylket sin småkraftplan. Det er der tilrådd at det vert utarbeidd ein samla oversikt på dei utbyggingane som skal/kan koma i dette området. Dette er utarbeidd, i samband med at det er kome 10 søknader om utbygging i Sørfjorden.

Kraftstasjon

Denne er plassert like ovanfor fylkesveg 550, ca. 20 m frå veglina. Gjeldande krav er dispensasjon frå veglova på tiltak som kjem nærmare enn 50 m frå midtlina på vegen. Det må soleis avklarast med Statens vegvesen om den planlagde plasseringa kan nyttast. Plasseringa er i samsvar med dei signal heradet har gjeve i kommunedelplan for kystsona. Der er det sagt at

plassering skal i hovudsak vera på øvste side av veg. Dette for å få minst mogleg tiltak i strandsona.

Inntaksdam

Denne er plassert ca. på kote 500. Dette området er lite eksponert og ut frå landskapsomsyn er det lite negativt med plasseringa.

Røyrgate

Det er planlagt at røyrgata skal gravast ned på heile strekkja. Det er vurdert og konkludert med at det ikkje er økonomisk lønsamt med tunnel- og sjaktløysing på anlegg av denne storleiken. Slik traseen er vist i planen, vil arbeidet med graving av røyrtrase visast godt i landskapet når den kjem på framsida av ryggen som elva renn i. Ei løysing med tunnel/sjakt hadde nok gjeve mindre synlege sår i landskapet. Dette er likevel sår som naturen vil lækja over tid. Det er viktig at det i samband med vilkår til konsesjonen, vert sett krav om skånsam framferd i området, og at det ikkje vert store synlege sprengflater.

Biologisk mangfald

Miljørapporten sin samla vurdering, landar på at tiltaket vil ha liten negativ effekt på området. Det er eit vassdrag som det ikkje er fisk i, grunna naturlege stengsler. Det er ikkje registrert kulturminne i området. Dette skuldast nok i hovudsak at området er lite tilgjengeleg og soleis har vorte lite utnytta tidlegare. I forhold til landbruksdrift, er det lite/ikkje areal som er rekna som areal med høg landbruksverdi. Deler av området kan nyttast til beite. Dette vil også området kunne fungera som, etter at arealet er revegetert. Inntaksdammen, som er det øvste inngrepet, vil liggja vel 1 km frå grensa til Folgefonna nasjonalpark. Tiltaket vil medføra ei endring i INON arealet (inngrepsfritt areal) og ei lita reduksjon i samla areal, - 0,1 km². Det at inngrepsfritt areal ikkje vert redusert, er eit nasjonalt mål. Heradet må sjå til at arealet som vert redusert, vert minst mogleg. Heradet gav signal i samband med småkraftplanen for fylket, at ein viss reduksjon av arealet bør kunna akseptast. Dette vart grunngeve med at dei fysiske tiltak ikkje er godt synlege og at dei øvste tiltaka oftast er små og skånsame.

Artsmangfald/naturtypar er klassifisert som lite viktig. Det er ikkje gjort funn av raudlisteartar (art som står i fare for å verta utrydda) innanfor området.

Andre tiltak

Det er planlagt ein kort veg frå fylkesvegen og opp til kraftstasjonen. Nettetilknytning er planlagt rett ovanfor kraftstasjonen. Desse to tiltaka er minimale og det vert lite negativ konsekvens med dette.

...

Oppsummering

Rådmannen vil på grunnlag av momenta som er lista opp, tilrå ei utbygging av vassdraget. Den største negative effekten kan koma som følgje av lite omtensam utbygging i samband med rørgata på framsida av rygge ned mot elvegjelet. Utføringa må halde ei høg kvalitet og arbeidet må utførast skånsamt. Dette må NVE syta for at vert gjort i samband med vilkår for utbygginga.

... ”

Rådmannen sitt framlegg til vedtak er i samsvar med heradstyrets vedtak.

Ullensvang herad har i heradstyret den 9.5.2011 fattet følgende vedtak for søknad om bygging av Skiparvik kraftverk:

"Ullensvang heradsstyre rår til at Skiparvik kraftverk vert utbygd i samsvar med konsesjonssøknad, men på fylgjande vilkår:

- Revegetasjon bør skje med stadeigne massar og vegetasjon.*
- Tiltak bør ikkje hindra tradisjonell landbruksdrift."*

Vi siterer vidare fra saksframlegget:

"Vurdering:

Planstatus:

Området er i kommuneplanen sin arealdel LNF-område. Kommuneplanen er under rullering, og planlagde småkraftverk er teke inn i framlegget til ny plan som LNF-spreidd erverv med tilhøyrande føresegner. I kystsoneplanen er det lagt føringar på plassering av kraftstasjonar. Dei bør helst ligga på oppsida av riksveg/fylkesveg.

Landskapsbilete, friluftsliv og reiseliv:

Den samla rapporten for Sørfjorden plasserar Skiparvik kraftverk i delområde 3. Det planlagde prosjektet vil i følge rapporten gje "ubetydeleg/liten negativ sumvirkning" for landskapsbiletet. For friluftsliv er sumverknaden den same, medan for reiseliv vil den vera liten negativ. For landskapet, gir Kraftkarane AS sin eigen rapport liten til middels negativ konsekvens. Det er særleg røyrkata som vil bli synleg fram til vegetasjonen gror til att. Langs røyrkata, vil det bli laga til ein mellombels anleggsveg. Etter anleggsfasen, vil denne dekkast til med matjord, men framleis vera "køyresterk". Slik kan han framleis nyttast til tilsyn av inntaket, med t.d. ATV. Elles skal eksisterande vegar nyttast som i dag. Det er naudsynt med ein tilkomstveg til kraftstasjonen, den vert ca. 20 meter lang og går over innmark. Det er ikkje skildra om tilkomstvegen deler innmarka, eller kva konsekvens vegen vil få for denne innmarka.

Biologisk mangfald, flora, fauna og fisk og ferskvassbiologi:

Miljøvurderinga vurderar tiltaket til å få liten til middels negativ konsekvens i drifts- og anleggsfase for biologisk mangfald. Det er ikkje påvist fisk i elva, og det er ikkje påvist raudlisteartar som kjem i konflikt med utbygginga, verken direkte eller indirekte. Tiltaket vil medføra tap av INON-område på 0,85 km².

Kulturminne og -miljø:

Det er ikkje registrert kulturminne innanfor tiltaksområdet.

Lokalsamfunn:

For lokalsamfunnet vil prosjektet vera positivt. Det vil medføra arbeidsplassar i anleggsfasen, og tilleggsinntekter til fallrettshavarane i lang tid framover. Dette kan vera med på å styrkja interessa for ungdom å koma heim og overta gardsbruk. For heradet vil tiltaket medføra auka skatteinntekter.

...

Oppsummering:

Basert på vurderinga av Skiparvik kraftverk og ei samla vurdering av alle utbyggingane i Sørfjorden, rår rådmannen til ein positiv uttale til konsesjonssøknaden. Generelt vil me seia at sidan dette er einaste høvet heradet har til å uttala seg om konsesjonspliktige tiltak, så er det ei føremon om kraftstasjonsbygning og vegtilkomst er utgreidd og illustrert betre.

..."

Rådmannen sitt framlegg til vedtak er i samsvar med heradstyrets vedtak.

Ullensvang herad har i heradstyret den 9.5.2011 fattet følgende vedtak for søknad om bygging av Bråberg kraftverk:

"Heradsstyret i Ullensvang rår til at utbygging av Bråberg kraftverk får konsesjon i samsvar med søknad, men på følgjande vilkår:

- *Der røyrgate går på dyrka/dyrkbar mark, skal røyrkata plasserast så djupt at tradisjonelt jordbruksdrift kan utøvast som normalt.*
- *NVE må vurdera om minstevassføringa som søknaden legg opptil, tek i vare omsynet til biologisk mangfald.*
- *NVE bør vurdera å setja krav om tiltak for å betra hekketilhøva for fossekallen."*

Vi siterer vidare fra saksframlegget:

"...

Vurdering:

Dette er eit prosjekt som grunneigarane på Bleie har utarbeidd i samarbeid med Opticonsult.

Planstatus

I gjeldande kommuneplan ligg tiltaket i LNF-område (Landbruks- Natur- og Friluftsområde). Heradet er positiv til kraftutbygging, dersom ho ikkje fører med seg store negative konsekvensar. Kommuneplanen er under revidering og framlegg til ny plan, vil dette området ligg inne som LNF spreidd erverv, jf. pbl § 11 – 7nr 5 b. I vedteken kommunedelplan for kystsona (100 m beltet på land), ligg det føringar på plassering av kraftstasjonsbygg. Desse skal i hovudsak plasserast ovanfor veg, slik at det vert minst mogleg inngrep i strandsona.

Landskapsbilete, friluftsliv og reiseliv

Øvste del av Bleieelva er i dag utbygd. Det er laga til eit anlegg som vert avslutta på kote 290. Frå denne høgda og ned til omsøkte tiltaket er det ein høgdeskilnad på 80 m. i dette området er elva spesielt synleg, og utifrå landskapsomsynet, er det viktig at det ikkje vert nedbygd. Dette har søkjarane teke omsyn til. Det er vidare eit forsyningsanlegg for vassfabrikken på Hovland. Det er her uttak frå to kjelder som ligg på Reisæter og Hersete. Dette uttaket er av ein slik storleik at det ikkje er synleg i vasstrenga. I forhold til friluftsliv er denne utbygginga lite konfliktylt. Det er eit område som er lite brukt.

Teknisk anlegg

Inntaksdam

Denne er plassert ca. på kote 210. Dette området vert godt eksponert og ut i frå landskapsomsyn må alle tiltak vurderast nøye. Det er også ynskje om mellombels anleggsveg til området. Det må vurderast om det er naudsynt å bygga denne, eller om transport kan gjerast på anna måte.

Røyrgate

Det er planlagt at røyrkata skal gravast ned på heile strekkja, med unnatak der røyrkata kryssar elva. Den har ein lengd på 485 m og med ein diameter på røyrret på 700 mm. Røyrkata vil gå over dyrka/dyrkbar mark. På dette arealet må røyrkata leggast så djupt ned at den vanlege jordbruksdrifta kan halde fram som før. Det er viktig at det i samband med vilkår til

konsesjonen, vert sett krav om skånsam framferd i området, og at det ikkje vert store synlege sprengflatar.

Kraftstasjon

Denne er plassert like ovanfor kommunal veg på Bleie, ca. 70 m frå veglina. Plasseringa er i samsvar med dei signal heradet har gjeve i kommunedelplan for kystsona. Der er det sagt at plassering skal i hovudsak vera på øvste side av veg. Dette for å få minst mogleg tiltak i strandsona.

Biologisk mangfald

Miljørapporten sin samla vurdering, landar på at tiltaket vil ha liten negativ effekt på området. Det er eit vassdrag som det ikkje er fisk i, grunna naturlege stengsler. Det er ikkje registrert kulturminne i området. I forhold til landbruksdrift, er det lite/ikkje areal som er rekna som areal med høg landbruksverdi. Dette vil også området kunne fungera som etter at arealet er revegetert. Tiltaket vil ikkje gjera endringar i INON arealet (inngrepsfritt areal). Artsmangfald/naturtypar er klassifisert som lite viktig. Det er ikkje gjort funn av raudlisteartar (art som står i fare for å verta utrydda) innanfor området.

Andre tiltak

Det er planlagt ein kort veg frå den kommunale vegen og opp til kraftstasjonen, ca 130 m. Mellombels anleggsvegar: Det planlagt ei forlenging av eksisterande jordbruksveg opp til inntaksdam (ca 110 m). Det skal nyttast eksisterande landbruksveg opp til den nye anleggsvegen. Det er viktig at det ikkje vert nytta for store maskinar på denne vegen, slik at den vert øydelagt og inntrykket av dette landbruksområdet vert redusert. Det er vidare planlagt ein anleggsveg langs med elva frå kraftstasjonen til kryssingspunkt på elva. (ca 200 m). Denne vegen bør kunne leggjast i trase for røyrgata. Nettilknytning er planlagt rett ovanfor kraftstasjonen.

...

Oppsummering

Rådmannen vil på grunnlag av momenta som er lista opp, tilrå ei utbygging av vassdraget. Utføringa må halde ei høg kvalitet og arbeidet må utførast skånsamt. Dette må NVE syta for vert gjort i samband med vilkår for utbygginga. NVE må vurdere om minstevassføringa er nok for å ta vare på biologisk mangfald.

... ”

Rådmannen sitt framlegg til vedtak er i samsvar med heradstyrets vedtak.

Ullensvang herad uttaler i saksutredningen for alle kraftverkene i heradet:

”Samla verknad:

Landskap, reiseliv og friluftsliv:

Den samla rapporten for landskap, reiseliv og friluftsliv tek ikkje for seg dei enkelte tiltaka, men delområde. Samla for Sørfjorden, gir rapporten fylgjande tabell:

[...]

Totalt vil alle prosjekta i Ullensvang gje eit tap av INON-område på 14,4 km². Det er i Børve/Deildo som tek ca. halvparten av INON-tapet. Utbygginga av Børve/Deildo vil òg

omklassifisera villmarksprege område. Dei andre utbyggingane vil i hovudsak ta av område i sone 2, og mange av dei er mindre, ikkje-samanhengande areal.

[...]

Totalt sett ser me at dei nær trua (NT) treslaga ask og alm er relativt vanlege i regionen. Dette tilseier at desse treslaga ikkje vil bli meir trua om noko av tiltaka kjem i konflikt med denne vegetasjonen. I Storelvi er det funne relativt sjeldne moseartar. Auka minstevassføring kan avbøta negative konsekvensar, dette bør NVE vurdere særskilt.

Det er potensiale for fossefall i fleire av vassdraga, men fossefallet er relativt vanleg i Noreg. Det er fleire vassdrag i Sørfjorden, som ikkje er vurderte til utbygging, som fossefallet vil finna leveområde i. Dette medfører at det ikkje vil vera stor negativ konsekvens å bygga ut desse vassdraga. Det er andre sjeldne fuglar i områda kring utbyggingsområda, som kan bli forstyrra i hekketida av anleggsverksemd, m.a. kongeørn, spettefugl og anna rovfugl. Der det er kjende hekkeplassar må det takast omsyn, og kanskje bør det setjast vilkår i høve til tidsrommet anleggsperioden skal finna stad. Røyrtrasear bør unngå ospeholt, som er yngle- og hekkeplass for flaggermus og spettefugl.

Stort sett er det lite konsekvensar for anna dyreliv. For Børve/Deildo bør det, viss reinsdyrkalving finn stad på Vestvidda, setjast vilkår til kva tidsrom anleggsperioden skal finna stad i.

Det er ikkje fisk i elvene som er omsøkt.

Kulturminne og -miljø:

Ingen av dei omsøkte prosjekta vil ikkje koma i direkte konflikt med kulturminne. Kulturmiljø kan bli endra, men vil etter revegetering få små konsekvensar. Elles vil utbygging av småkraftverk vera med på å gje ein ny type kulturmiljø.

Lokalsamfunn:

For Ullensvang herad og innbyggjarane i heradet vil utbygging av desse sju kraftverka vera eit gode. Det vil vera med å sikra inntektsgrunnlag på gardane, og gjera det meir attraktivt for ungdom å koma heim og overta drifta. I anleggsfasen vil det medføra mange arbeidsplassar, men og i driftsfasen vil det medføra varige arbeidsplassar. Ikkje alle søknadane har oppgitt varige årsverk, men truleg er det mellom 1,4 og 2,0 årsverk totalt for dei 7 utbyggingane i Ullensvang. I tillegg kjem skatteinntekter til heradet som eit gode for samfunnet.”

Fylkesmannen i Hordaland uttaler i brev datert 14.6.2011:

”...

Motsegn og fråsegn til søknad om bygging av 10 småkraftverk i Sørfjorden

Fylkesmannen er nøgd med at NVE vurderer utbyggingane i Sørfjorden samla.

Landskapet og vassdragsnaturen sitt potensiale for verdiskapning, reiseliv og friluftsliv må vektleggjast høgare enn det som er gjort søknadane. Materialet framlagt i konsesjonssøknadene er samla ikkje tilstrekkeleg som avgjerdsgrunnlaget.

Fylkesmannen frarår omsøkte konsesjon til følgjande kraftverk: Børve/Deildo, Skjeldvikelva, Sleveåne, Øvre og Nedre Digraneselvi. Fylkesmannen ber NVE vurdere naturfaglege vilkår ved eventuell konsesjon til følgjande kraftverk: Storelvi, Espeelvi, Byro, Skiparvik og Bråberg.

Dersom alle 10 vert gitt konsesjon vil Fylkesmannen fremje motsegn. Full utbygging vil samla vere i konflikt med vesentlege nasjonale landskapsverdiar. Motsegna vert trekt om NVE følgjer tilrådinga til Fylkesmannen.

Innleiing

Fylkesmannen viser til høyring på konsesjonssøknader for bygging av i alt ti småkraftverk langs Sørffjorden i Odda og Ullensvang kommunar. Søknadene er på høyring samstundes, og skal handsamast samla av NVE.

Fylkesmannen har fått utsett høyringsfrist til 15. juni 2011.

Beslutningsgrunnlag for å vurdere samla verknad for landskap, friluftsliv og reiseliv

NVE har lagt vekt på å vurdere samla verknad for landskap, friluftsliv og reiseliv i Sørffjorden som ein integrert del av konsesjonsprosessen. I brev til tiltakshavarane av 28. april 2010, har ein med heimel i vassressurslova § 23 bede om nødvendige utgreiingar for å betre grunnlaget for vedtak. NVE har teke utgangspunkt i kva bortfall av viktige landskapselement, som fossar og stryk vil ha for karakteren og særtrekket i landskapet, og viser til dokumenterte nasjonale verdiar knytt til fjordlandskap og reiseliv.

NVE uttaler følgjande om oppdraget: "rapporten skal ta utgangspunkt i de omsøkte prosjekta, men vi ser det som hensiktsmessig om planen også ses i sammenheng med øvrige elver som ikkje blir berørt pr. i dag." Vidare står det: "Utredningen må være av en slik art og omfang at virkningene i tilstrekkelig grad blir belyst til å danne et tilfredsstillende beslutningsgrunnlag".

Det er vist til metode som framgår av OEDs "Retningslinjer for småkraftverk" (juni 2007), spesielt kapitla om landskap, friluftsliv og reiseliv.

På denne bakgrunn vart rapporten "Samlet virkning av småkraftverk. Rapport 2010: 38 Miljøfaglig Utredning AS" utarbeidd. Rapporten er vedlagt konsesjonssøknadane.

I høyringsfasen tok Fylkesmannen initiativ til felles synfaring med NVE for å få betre oversyn over kva for arealinngrep utbyggingane ville føre til, og korleis dette ville påverke landskapet. Tiltakshavarane vart oppmoda om å legge fram detaljplanar, fotomontasje eller anna for å synleggjere vegar, røyrgatetrasear, tippar, damanlegg og inngrep som vil får verknad på landskap og opplevingsverdi. Synfaringa vart gjennomført 12. mai 2011.

Metode og konklusjonar frå samlerapport

I rapporten frå Miljøfaglig Utredning har ein, etter utvalte kriterium, samanfattar verknader av omsøkte utbyggingar. Som avgjerande parameter for fastsetting av sumverknader har ein vurdert korleis endringar i vassføring etter utbygging vil svekke elvene sitt bidrag til landskapskarakteren i Sørffjorden. Påverknad på landskap, friluftsliv og reiseliv er vurdert kvar for seg og samla i 5 delområde langs fjorden. Elvane er skjønsmessig kategorisert på ein skala frå I-IV etter kor stor grad elva bidrar til å karakterisere landskapet (Figur 3.3). Elver men mykje brevatn på vestsida av fjorden, kjem etter denne metoden i høgaste kategori.

Grunnlag for vurderingane er mellom anna registrert vassføring på synfaringsdagar 5. - 6. juli 2010. Desse dagane hadde elvane uvanleg låg vassføring. Inntrykk frå denne synfaringa har difor avgrensa verdi som grunnlag for tilrådingar i rapporten.

Landskapsinngrep knytt til tidlegare gjennomførte utbyggingar inngår i det som er omtala som "nåsituasjonen". Eit par utbyggingar som er under planlegging og handsaming er omtala (Eitrheim, Opo). Kvitno kraftverk har fått konsesjon, men er ikkje utbygd. Denne utbygginga inngår ikkje i vurdering av sumverknadene.

Andre arealinngrep som følge av planlagde utbyggingar er ikkje med i vurderingane. Konsulenten forklarar dette ved å vise til at inngrep knytt til utbygging (røyrgate, kraftstasjon, inntaksdam, vegar og kraftleidningar) kan uformast på ulike måtar og med ulik grad av miljølempar og visuell effekt. Vidare meiner dei at desse inngrepa på sikt ikkje vi ha stor innverknad, jf s 14: "Innafor en middels til stor skala og med et tidsperspektiv på fleire år, vil det likevel være vannføringsreduksjonen i elvene som vil være av størst visuell betydning innenfor utredningsområdet."

Tabell 5.1 gir ein tematisk samanstilling av sumverknader, både isolert og samla for dei 5 delområde langs Sørffjorden. Samla vurdering (konklusjon) for alle ti vassdraga viser "liten negativ" verknad for både landskap og friluftsliv og "liten/middels negativ" verknad for reiseliv. Hovudkonklusjonen frå rapporten er formulert på s 7 som følgjer:

"En full utbygging i henhold til planene, som omfatter 10 småkraftprosjekt omkring Sørffjorden, vil svekke nedløpselvenes betydning som landskapskarakter i utredningsområdet. Påvirkningen er imidlertid liten negativ."

Fylkesmannen si vurdering av avgjerdsgrunnlaget

Fylkesmannen vil innleiingsvis uttrykke at vi ser det som særst positivt at NVE tek initiativ til å vurdere heile fjordsystemet i Sørffjorden samla. Tilnærminga er eit viktig steg i retning av å sikre nødvendig kunnskapsgrunnlag til å vurdere verknaden av eventuell full utbygging i området.

OEDs retningslinjer for små vasskraftverk gir søkjarane ein metode for verdivurdering av ulike interesser knytt til vassdragsutbygging. Rettleiinga viser korleis ein kan vurdere summerte verknader av fleire utbyggingsprosjekt i eit gitt geografisk delområde. OED uttaler sjølve at retningslinjene er svakt utvikla.

I tillegg til dette, er det til no heller ikkje er utvikla metodar for å gjennomføre samla konfliktvurderingar for omfattande vasskraftutbygging. Slik Fylkesmannen ser det, er det difor framleis problematisk å vurdere samla konflikt knytt til småkraftutbygging i større geografiske delområde. Dette gjer at Fylkesmannen, på same måte som NVE, sjølve må ta stilling til i kva grad avgjerdsgrunnlaget er godt nok.

Rapporten frå Miljøfaglig Utredning har etter vår oppfatning avgrensa verdi som beslutningsgrunnlag. Konklusjonane i rapporten er i hovudsak avgrensa til å vurdere effekten av redusert vassføring i omsøkte elver. Elver som er lite synlege i landskapet er lite vektlagt.

Eigenverdi av urørt vassdragsnatur ikkje vurdert eller omtala. Truleg er ikkje dette sett på som eit relevant kriterium, til tross for at det handlar om å gjennomføre ein svært omfattande vassdragsutbygging i området.

Fjordane i Hordaland har nasjonale og internasjonale landskapskvalitetar. Sørffjorden er klassifiserte blant det høgast rangerte i norsk natur, dvs A-område i NIJOS sine kriteria for klassifisering av landskap. I det nasjonale prosjektet Nasjonal Turistveg er strekninga mellom Tyssedal og Kinsarvik prioritert område for framtidig utvikling.

Slik Fylkesmannen ser det er den nasjonale og internasjonale verdien av landskapet for reiseliv i Hardanger undervurdert i konklusjonane frå rapporten, ikkje minst potensialet og verdisetting av landskapet for reiselivet i eit langsiktig perspektiv. Alle som reiser gjennom eller oppheld seg i dette fjordlandskapet i kortare eller lengre tid blir påverka av dramatikken i landskapet. Dette gjeld ikkje minst samanhengen mellom breen, fjellformasjonane, fjorden og dei mange

vassdraga. Inntrykkstyrken som vert skapt, spesielt gjennom ein levande og kraftfull vassdragnatur, er ein heilt sentral for denne landskapsopplevinga.

Til tross for at landskapet er høgt rangerte fagleg, viser det lite att i konklusjonane om tematisk sumverknader ved full utbygging. Også i dei einskilde søknader er konflikten med landskapet lågt vurdert, her ikkje større enn "middels negativ konsekvens" i nokre av søknadene. Dette viser at overordna vurdering av landskapsverdiar ikkje slår gjennom i konklusjonar om konfliktnivå, heller ikkje i forsøket på å vurdere Sør fjorden samla. Grunnen kan vere at vurderingsgrunnlaget er for snevert. Situasjonen illustrerer at det er trong for å vidareutvikle metodikken for å vurdere denne type problemstillingar.

Fylkesmannen vil mellom anna hevde at arealinngrep som følgje av vassdragsutbygging også er relevante for samla oppleving av landskapsverdiane i Sør fjorden. På dette punkt er vi usamde med konklusjonane i rapporten. Anleggsvegar, røyr gater og kraftlinetrasear vil i sum og einskildvis gje reduksjon i landskaps- og opplevingsverdi. Lokalt kan og inntaksdammar, tippområde og andre inngrep vere negative. Til tross for ein viss attgroing vil røyr gater og veger kunne vere synlege og redusere inntrykket av det storslåtte naturlandskapet.

Ikkje minst når det gjeld våre høgast rangerte fjordlandskap, med nasjonalt og internasjonalt verdsette landskapsverdiar, er det viktig å sikre høg detaljeringsgrad på avgjerdsgrunnlaget. Planlegging etter sektorlovene, som konsesjonspliktige tiltak etter energilova, vassressurslova og vassdragsreguleringslova, bør etter vår oppfatning skje på eit detaljeringsnivå og opplysningsnivå som samsvarer med planlegging etter plan- og bygningslova. Det er nødvendig for fullt ut å kunne vurdere aktuelle avbøtande tiltak. Etter dagens praksis innan planlegging av konsesjonspliktige energianlegg er det berre NVE og kommunen som kan påverke utforming og oppfølging av detaljplanar. På bakgrunn av synfaringa 12. mai har Fylkesmannen likevel noko betre bakgrunn for å vurdere aktuelle arealinngrep, jr. omtale av dei ulike vassdraga under.

Fylkesdelplanen for små kraftverk i Hordaland er brakt inn til Miljøverndepartementet for endeleg handsaming. I fylkesdelplanen for er det gjennomført verdivurderingar av Sør fjorden. Delområde 9 har fått "stor verdi", til dømes for sårbart høgfjell, fjordlandskap og reiseliv, og "middels verdi" for friluftsliv og inngrepsfri naturområde (tabell 5-9). I ein overordna omtale av delområdet (s 60) er det trekt fram at utbyggingsprosjekt må ta vare på landskapskarakteren med god vassføring i eksponerte fossar og vassdrag og ha god landskapstilpassing av tekniske inngrep. Vidare er det peika på at omfanget av villmark og inngrepsfri natur kan bli redusert som følgje av utbyggingar i Sør fjorden. Nærleiken og oppgangssoner til nasjonalparkane på Folgefonna og Hardangervidda er og peika på som viktig.

I framlegg til fylkespolitiske retningsliner for fylkesdelplanen (R1) skal ein vere positiv til bygging av små vasskraftverk "der omsyn til miljø og ande arealinteresser er ivaretekne". Dersom fylkesdelplanen skal ha konkret verdi i avgjerdsprosessen er det viktig at konsesjonsstyresmaktene i praksis vektlegg dokumenterte miljøinteresser.

I tillegg er det og forventa at omsynet til landskap vert vektlagt ut frå at det inngår i formålet i naturmangfaldslova. Omsøkte utbyggingar må vurderast konkret ut frå dei miljørettslege prinsippa nedfelt i lovas kap II, spesielt §§ 8 til 12.

Merknad til dei einskilde konsesjonssøknadane

I alle 10 søknadane er det utført konsekvensvurderingar, i hovudsak basert på eksisterande kunnskap og synfaringar. Dei viktigaste tema som er omtala er biologisk mangfald, verneinteresser, tap av INON-områder, landskap, brukarinteresser og friluftsliv. Det er små

interesser knytt til fisk og ferskvassfauna i dei aktuelle vassdraga. Alle tema er konfliktvurdert på skala frå null (0) til liten negativ (-), middels negativ (--) til stor negativ (---) etter metode vanleg nytta i slike saker.

Vi viser til den einskilde søknad for omtala av planlagt produksjon, tekniske planar for utbygginga, omsøkt minstevassføring og konflikhtar innafør fagområda. Vi har ikkje systematisk vist dokumenterte konfliktnivå slik det framgår av søknadene, men trekt dette fram der det vi meiner det er særleg relevant for vår tilråding.

Småkraft AS: Børve/Deildo kraftverk (15,7 GWh) i Ullensvang herad

Utbygginga vil føre til middels negativ konsekvens for biologisk mangfald og verneinteresser, både i anleggs- og driftsfasen. Utbygginga vil røra to vassdrag, då øvre del av Deildo skal førast over til Børve. Tiltaket vil føre til omfattande inngrep ved nedgraving av røyr, bygging av inntak og tersklar, anleggsveg frå ein høgde på 1100 moh og nedover langs vassdraget og dalsida.

Konsekvensen for landskap er vurdert til middels negativ konsekvens i driftsfasen og stor negativ konsekvens i anleggsfasen, mellom anna på grunn av redusert vassføring og at tiltaket vil redusere inngrepsfrie naturområde.

Viktige tema er stort INON-tap, aktuelt oppgangsområde til Hardangervidda og nasjonalparken, nærleik og konflikt med viktige område for villrein og negative konsekvensar for landskap og friluftsliv. Søknaden dokumenterer at utbygginga er konfliktfylt. Utbygginga vil vere negativ og merkbar for opplevingsverdien i Sørfjorden, både i anleggs- og driftsfasen. Fylkesmannen meiner at Børve- og Deildovassdraga er karaktergivande for landskapet.

Fylkesmannen frarår NVE å gje konsesjon.

Storelvi kraftverk AS/SKL: Storelvi kraftverk (13,9 GWh) i Ullensvang herad

Det er søkt om to alternativ, med eller utan overføring av Matbekken. Inntaket på 650 moh vil kome under ein synleg foss, men vegbygginga vil bli synleg. Nedre del av Matbekken er etter Fylkesmannens oppfatning viktig i landskapsbildet.

Det er uklårt om vegane skal ha slik standard at dei kan nyttast som skogsvegar etter landbruksvegforskrifta. Ullensvang herad bør sjå samla på eventuell vegbygging.

Utbygging har liten til middels negativ konsekvens for biologisk mangfald og verneinteresser, knytt til INON-tap og middels negative konsekvens for naturtyper og flora langs Storelvi. Det er tilrådd høgare minstevassføring om sommaren for å sikre naturverdiane knytt til bekkekløftevegetasjon i Storelvi.

Fylkesmannen ber NVE vurdere avbøtande tiltak og spesielt vurdere aktuell minstevassføring dersom det vert opna for konsesjon. Fylkesmannen tilrår at eventuell utbygging skjer etter alternativ 2, for å sikre vassføring i Matbekken. Detaljplan ved eventuell konsesjon må sikre at inngrep skjer på ein skånsam måte. Vegbygging i området bør samordnast med eventuell bygging av skogsvegar etter landbruksvegforskrifta.

Espeelvi Kraft: Espeelvi kraftverk (12,0 GWh) i Ullensvang herad

Frå tidlegare utbyggingar i området er 35 % av nedbørsfeltet fråført Espeelvi. Inntaket er på 645 m. Det er planlagt 1880 m nedgrave røyrgate på nordsida av elva. Røyrgate vil gå gjennom skog og dyrkamark. Det er bratt terreng, så røyrgate vil bli synleg. Ein vil nytte eksisterande vegar i samband med utbygginga. Eventuelle overskotmassar skal nyttast eller mellomlagrast i eksisterande masseuttak.

Søknaden viser liten til middels negativ konsekvens for biologisk mangfold og verneinteresser og middel negativ konsekvens for landskapet. Røyrkata vil bli synleg, då de er ønske om å nytte den til traktorveg etter eventuell utbygging.

Det er tilrådd minstevassføring av omsyn til naturtyper bekkeløft og bergvegg. Det er uklårt om tilrådd minstevassføring vil få nokon reell betyding for landskapet.

Fylkesmannen ber NVE vurdere avbøtande tiltak og spesielt vurdere aktuell minstevassføring grundig dersom det vert opna for konsesjon. Detaljplan ved eventuell konsesjon må sikre at inngrep skjer på skånsam måte.

Småkraft AS: Skjeldvikelva kraftverk (7,7 GWh) i Ullensvang herad og Odda kommune

Utbygginga vil føre til middels negativ konsekvens i anleggsfasen og liten til middels negativ konsekvens i driftsfasen for biologisk mangfold og verneinteresse .

Graving av røyrgate vil vere negativt for naturtyper og flora, føre til støy i anleggsfasen, og vere negativt for faunaen i området. Søknaden viser middels negativ påverknad i anleggsfasen. Utbygginga vil skje nært grensa til Hardangervidda nasjonalpark , vil og føre til INON-tap.

Søknaden viser liten til middels negativ konsekvens for landskapet. Utbygging vil føre til synlege inngrep i det bratte landskapet. Synleg foss/elvestrekning vil gå tapt.

Fylkesmannen meiner at verdien av vassdraget i landskapsbildet er undervurdert.

Fylkesmannen frarår NVE å gje konsesjon.

Fjellkraft AS: Slevåni kraftverk (14,9 GWh) i Odda kommune

Verdivurderinga i søknaden viser middels verdi for landskap, men påverknad vert likevel vurdert som små.

Prosjekta er planlagt med vassveg via sjakt og tunnel i fjell frå inntak til kraftstasjonen. Slevåni er i dag godt synleg, også i øvre del av vassdraget, er det fell utfor fjellsida i to godt synleg og karaktergivande løp. Utbygginga er planlagt med inntak på plataet ovafor.

Utbygging vil og føre til eit masseoverskot på om lag 30-35 000 m³. Plassering og handtering av masser er ikkje innarbeidd i søknaden, og kan i prinsippet føre til etablering av tippområde i regionen utan at dette så langt inngår i arealplanlegginga.

Fylkesmannen meiner konfliktvurderinga av omsøkte utbygging er undervurdert.

Fylkesmannen frarår NVE å gje konsesjon.

Fjellkraft AS: Øvre Digraneselvi kraftverk (16,8 GWh) i Odda kommune

Fylkesmannen meiner at ein må vurdere heile Digraneselvi under eitt.

Inntaket til det øvre prosjektet er planlagt ved Lausvatnet nær Folgefonna nasjonalparkgrense, på ca. 840 moh. Vatnet er tidlegare senka ca. 10 etter ein flaumbølge, og utløpet er endra som følgje av inngrepet. Planar for kraftutbygging vil føre til bygging av inntaksdam, forsterking og forlenging av skogsveg frå Åse, kraftstasjon og tippområde på 12 000 m³ i området.

Utbygginga vil føre til middels negativ konsekvens for landskap. Digraneselvi er viktige for landskapet karakter, og bortfall av elva vil vere negativt for oppleving av landskapet i store deler av fjorden.

Fjellkraft AS: Nedre Digraneselvi kraftverk (14,9 GWh) i Odda kommune

Inntak er planlagt på 365 moh rett ved kraftstasjon for Øvre Digraneselvi kraftstasjon. Vassrøret går i sjakt, tunnel og røyr fram til kraftstasjon ved sanduttak ovafor vegen på Digranes. Overskotsmassar blir på 15 000 m³. Handtering av massane er ikkje del av planen og inngår ikkje i arealplanlegginga.

Omsøkt utbygging vil føre til liten til middels negativ konsekvens for biologisk mangfald og verneinteresser. Utbygging vil påverke verdifulle naturtyper og flora i området. Konsekvensen for landskap er vurdert til middels negativt, ut frå synlege inngrep og sår som følge av planlagt utbygging.

Vassdraget er viktig og karaktergivande for landskapet i Sørfjorden. Bortfall av elva vil vere negativt for landskapsoppleving langs store deler av fjorden.

Fylkesmannen frarår NVE å gje konsesjon til utbygging i Digraneselvi.

Småkraft AS: Byro kraftverk (11 GWh) i Ullensvang herad

Byro går i ei tydeleg V-dal, der sjølve vassstrengen er lite synleg. Inntaket er planlagt i elva på 500 m. Utbygging vil gi liten til middels negativ konsekvens for biologisk mangfald og verneinteresser då det fører til tap av INON og potensial for raudlisteartar i området.

Søknaden viser liten til middels negativ konsekvens for landskapet. Utbygging vil føre til synleg røyrgatetrase på ryggen sør for elvelaupet. Det går skogsveg i området frå før.

Fylkesmannen ber NVE vurdere avbøtande tiltak og spesielt vurdere spørsmål om minstevassføring dersom det vert opna for konsesjon. Detaljplan ved eventuell konsesjon må sikre at inngrep skjer på skånsam måte.

Kraftkarane AS: Skiparvik kraftverk (4 GWh) i Ullensvang herad

Skiparvikelva har fleire løp og ligg i området sør for Reisetete. Eit bekkeinntak og planlagt inntak ligg rett utafor Folgefonna nasjonalpark ved Digrahaug. Detaljplanar for inngrep er ikkje framlagt. Søknaden viser liten til middels negativ konsekvens for biologisk mangfald og verneinteresser og landskap.

Fleire vassdrag ved Reisetete er tidlegare utbygd, sjå under.

Fylkesmannen ber NVE vurdere avbøtande tiltak og spesielt vurdere spørsmål om minstevassføring dersom det vert opna for konsesjon. Detaljplanen må sikre at inngrep skjer på skånsam måte.

Bråberg kraftverk: Bråberg kraftverk (11 GWh) i Bleielvi i Ullensvang herad

Planlagt utbygging har inntak nedfor den mest synlege foss i området. Kraftstasjon er ovafor vegen. Utbygginga vil påverke vassdraget og kulturmark i området.

Bleielva er tidlegare utbygd med to kraftverk med kraftstasjon på kote 300. Også flaskevassprodusent Isklar har vasskilde i området ovafor Reisetete.

Fylkesmannen ber NVE vurdere avbøtande tiltak og spesielt vurdere spørsmål om minstevassføring dersom det vert opna for konsesjon. Detaljplanen må sikre at inngrep skjer på skånsam måte.

Samandrag

Fylkesmannen er nøgd med NVE si tilnærming ved å sjå på Sørfjorden som eit samla geografisk område.

Etter vår oppfatning er likevel metode og konklusjonar i framlagt samlerapport basert på for spinkelt grunnlag. Fylkesmannen er kritisk til deler av premissene i framlagte rapport. Konklusjonane er ikkje tilstrekkeleg som avgjerdsgrunnlag for omsøkte konsesjonar.

Landskapet og vassdragsnaturen sitt potensiale for verdiskapning, reiseliv og friluftsliv bør vektleggjast i større grad enn det som er gjort i søknadane. Sjølv om eksisterande inngrep inngår i skildring av nosituasjonen, må dette vere med når ein skal gjere ei samla konfliktvurdering knytt til vidare utbygging i Sørfjorden.

Fylkesmannen har vektlagt langsiktige perspektiv og eigenverdien av urørt vassdragsnatur i samband med si tilråding i konsesjonsspørsmål for dei omsøkte vassdraga.

Fylkesmannen frarår NVE å gje konsesjon til følgjande kraftverk:

- *Børve/Deildo*
- *Skjeldvikelva*
- *Slevåni*
- *Øvre og Nedre Digraneselvi*

Fylkesmannen ber NVE vurdere dei naturfaglege konsesjonsvilkåra ved eventuell konsesjon til:

- *Storelvi*
- *Espeelvi*
- *Byro*
- *Skiparvik*
- *Bråberg*

Motsegn - vidare dialog

Full utbygging av alle 10 vassdraga vil samla vere i konflikt med vesentlege nasjonale landskapsverdiar.

Dersom alle 10 vert gitt konsesjon vil Fylkesmannen fremje motsegn. Nokre av dei omsøkte utbyggingane er meir konfliktfylte enn andre, jf. vår tilråding knytt til dei einiskilde søknader. Vi er open for vurdere våre tilrådingar i lys av prosessen vidare inkludert sluttsynfaringane. Motsegna vil bli trekt om våre tilrådingar blir følgd opp av NVE.

Fylkesmannen ser fram til dialog med NVE om nivået på vidare småkraftutbygging i Sørfjorden.”

Hordaland fylkeskommune gjorde følgende vedtak i fylkesutvalget den 23.6.2011 med tolv mot to stemmer:

” ...

1. *Fylkesutvalet er beden om å ta stilling til den samla verknaden av 10 omsøkte småkraftverk i Ullensvang og Odda kommunar.*
2. *I sakstilfanget er vedlagt ein rapport som vurderer sumverknaden av dei omsøkte anlegga i høve til tre tema: 1. Landskap: Konklusjon: Liten negativ. 2. Friluftsliv: Konklusjon: Liten negativ. 3. Reiseliv: Konklusjon: Liten til middels negativ. I den same rapporten vert det peika på at kombinasjonen av kulturlandskap i aktiv bruk og oppleving av storfelt natur er eit avgjerande grunnlag for turisme og reiselivsnæring.*

3. *Fylkesutvalet meiner at utbygging av småkraft kan vera med på å sikra busetnad og vedlikehald av kulturlandskap og såleis vera med på å oppretthalda grunnlaget for ei livskraftig reiselivsnæring i desse kommunane.*
4. *Når verknadane av natur og miljø samla sett vert vurderte til liten negativ, rår fylkesutvalet til at kvar av søknadene vert vurdert på sjølvstendig grunnlag og at konsesjon vert gjeven.*
5. *Fylkesutvalet føreset at undersøkingar etter § 9 i kulturminnelova vert gjennomførde i samband med detaljplanlegginga og mogelege endringar gjennomførde før anleggsstart.”*

Vedtaket avviker fra administrativ tilrådning slik som den ble vedtatt kultur- og ressursutvalget 20.6.2011, se nedenfor.

Vi siterer videre fra saksframlegget og rådmannens innstilling:

”...

SAMANDRAG

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) har sendt på høyring følgjande 10 søknader om bygging av små vasskraftverk i Odda kommune og Ullensvang herad: Bråberg, Byro, Børve/Deildo, Nedre Digraneselvi, Øvre Digraneselvi, Espeelvi, Skiparvikelvi, Skjeldvikelva, Sleveåne og Storelvi. Søknadene skal vurderast både kvar for seg, og i form av samla belastning for Sør fjorden. Det er utarbeida relativt enkle konsekvensvurderingar basert på synfaring og litteraturstudie til alle søknadane og i tillegg ein sumverknadsvurdering for landskap, friluftsliv og reiseliv.

Basert på alle desse konsekvensvurderingane, er omsynet til miljø og andre arealinteresser ikkje ivaretatt i tilstrekkeleg grad for kraftverka Bråberg, Børve/Deildo, Nedre Digraneselvi, Øvre Digraneselvi, Espeelvi og Sleveåne, og søknadane er vurdert til ikkje å vere i tråd med dei fylkespolitiske retningslinene, R1, i Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland 2009-2021. Ingen av søknadene har oppfylt fylkespolitisk retningsliner R11 punkt 7. Arkeologiske undersøkingar må vere oppfylt innan fylkeskommunen tek stilling til saka.

Fjordlandskapet rundt Sør fjorden er eit internasjonalt viktig reiselivsmål. Ein må derfor vere yttarst varsam med inngrep som fjernar eller reduserer elver og fossefall som kan svekkje landskapsopplevinga.

Sumverknadsrapporten om landskap, friluftsliv og reiseliv er dessverre utilstrekkeleg som grunnlag for å vurdere nettopp sumverknadane av ei full eller delvis utbygging av dei ti vasskraftverka. Det er derfor viktig å få belyst saka nærmare før det kan takast ei forsvarleg avgjerd av dei ti søknadane, jf. naturmangfaldlova § 9, føre-var-prinsippet.

[...]

FYLKESRÅDMANNEN, 20.05.2011:

...

5 Vurdering og tilrådning

Fylkestinget vedtok 9.12.09 fylkesdelplan for små vasskraftverk 2009-2021, og denne er utgangspunktet for handsaminga av dei ti søknadane. Mål og retningsliner frå fylkesdelplanen:

...

Fylkesrådmannen legg til grunn at konsekvensvurderingane for miljø, naturressursar og samfunn som følgjer dei einskilde søknadane er tilstrekkelege, med unntak av kulturminne kor undersøkingsplikta ikkje er oppfylt, og reknar med at Fylkesmannen i Hordaland særleg kvalitetssikrar vurderingane knytt til biologisk mangfald og verneinteresser. På bakgrunn av tabell 2 ovanfor og tilhøyrande kommentarar, er følgjande elver vurdert å ha middels negativ konsekvens i driftsfasen for eit eller fleire tema innanfor kategoriane miljø, naturressursar og samfunn:

Børve/Deildo (biologisk mangfald og verneinteresser og landskap)

Øvre Digraneselvi (landskap)

Nedre Digraneselvi (landskap)

Espeelvi (landskap)

Desse elvene vert derfor vurdert til ikkje å oppfylle fylkespolitisk retningsline R1, første ledd: "Hordaland er positiv til bygging av små vasskraftverk der omsyn til miljø og andre arealinteresser er ivareteke".

5.1 Kulturminne og kulturmiljø - vurdering og tilråding

Ingen av søknadene har oppfylt fylkespolitisk retningsline R11 punkt 7.

Det har ikkje vore synfaring med kulturminnestyresmakt i samband med nokon av søknadane og pålegg om at arkeologisk undersøkingar må vere oppfylt innan fylkeskommune tek stilling til saka er ikkje oppfylt. Undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminneloven er ikkje oppfylt.

Kvaliteten på dei 10 søknadene når det gjeld tema kulturminne og kulturmiljø er varierende. Dei stort sett baserer seg på eksisterande kunnskap i kulturminnedatabasen Askeladden og SEFRAK-registreringar. Fleire av søknadene viser til kunnskap om kulturminne frå grunneigar og nokre viser til synfaring og vurdering gjort av konsulentane som har kompetansen innafor naturvitskap.

Alle søknadane manglar ei kulturminnefagleg vurdering av verdien av dei kulturminne og kulturmiljø som er i registra og ei kulturminnefagleg vurdering av kva konsekvens planlagde tiltak har for kulturminne og kulturmiljø. Ingen av dei viser til ei vurdering av potensial for funn av hittil ikkje kjende automatisk freda kulturminne som er gjort av ein arkeolog.

Bråberg:

Konsekvensen i forhold til kjende kulturminne er ubetydelig.

Søknaden har ingen vurdering av kulturminneverdi eller konsekvens av tiltak i høve til kulturminne og kulturmiljø. Det går ikkje fram av søknaden om området er synfare for å vurdere kulturminnetema, då særleg utmarksminne knytt til garden.

Et automatisk freda kolgrop vart funne i 2007 i samband reguleringsplanarbeid for Reisæter vassanlegg. Denne er nå lagt inn i Askeladden, id 144251. Det ligg over 800 meter vestsydvest for planlagde inntak og vert ikkje påverka av planane, men viser at det er potensial for funn i området. Kartfestinga av gravminne med id 101144 som vart bortrydd i 1847 er usikre.

Det er potensial for funn av hittil ikkje kjende automatisk freda kulturminne i tiltaksområdet. Området bør synfarast av arkeolog frå Hordaland fylkeskommune for å vurdere om det er naudsynt med arkeologisk registrering for å få oppfylt undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminneloven.

Byro:

Konsekvensen i forhold til kjende kulturminne er ubetydelig.

Fagrapporten er ikkje utført av personale med kulturminnefagleg kompetanse, men det er brukt gode lokalkunnskap om kulturminne i området.

Basert på kjende kunnskap er det lite potensial for funn av hittil ikkje kjende automatisk freda kulturminne i tiltaksområdet. Likevel bør området synfarast av arkeolog frå Hordaland fylkeskommune for å vurdere om det er naudsynt med arkeologisk registrering for å få oppfylt undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminneloven.

Børve/Deildo:

Våre vurdering er at området har stor verdi som kulturmiljø ikkje middelsstor som konsulenten har konkludert med. Her er eit jordbrukslandskap som er halde i hevd med stort variasjon av kulturminnetype frå fjord til fjell, innmark til utmark, med stor tidsdjupne. Samla sett vurderast tiltaket til å få middels til stor negativ verknad på kulturminne og kulturmiljø i anleggsfase og middels negativ verknad i driftsfase.

Fagrapporten er ikkje utført av personale med kulturminnefagleg kompetanse, men det er brukt lokalkunnskap om kulturminne i området. Stølsvegen som går gjennom planområdet er ikkje omtalt. Alderen på stølsvegen er ikkje kjende, men basert på mengde og type av førhistoriske funn i området er det truleg førhistoriske. Overføringa frå Naustelvi og enden av planlagde veg vil krysse stølsvegen og er i direkte konflikt. Det er Riksantikvaren som er dispensasjonsmynde. Hordaland fylkeskommune ber tiltakshavar vurdere alternative løysingar som ikkje er i konflikt med stølsvegen og som er lengre vekk frå dei kjende freda bergkunst og stølsmiljø i området.

Det er stort potensial for funn av hittil ikkje kjende automatisk freda kulturminne i tiltaksområdet. På Børve/Deildo vert det krav om arkeologisk registrering for å få oppfylt undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminneloven. Området bør synfarast av arkeolog ved Hordaland fylkeskommune for å vurdere omfang av dei arkeologisk registrering og utarbeidd eit kostnadsoverslag for slik.

Nedre Digraneselvi:

En samle vurdering av området verdi i forhold til kulturminne og tiltakets omfang gir ingen negativ konsekvens.

Fagrapporten er ikkje utført av personale med kulturminnefagleg kompetanse.

Det er potensial for funn av hittil ikkje kjende automatisk freda kulturminne i tiltaksområdet. Området bør synfarast av arkeolog frå Hordaland fylkeskommune for å vurdere om det er naudsynt med arkeologisk registrering for å få oppfylt undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova.

Øvre Digraneselvi:

Tiltak vil ikkje komme i konflikt med kulturminne.

Fagrapporten er ikkje utført av personale med kulturminnefagleg kompetanse.

Det er potensial for funn av hittil ikkje kjende automatisk freda kulturminne i tiltaksområdet. Området bør synfarast av arkeolog frå Hordaland fylkeskommune for å vurdere om det er naudsynt med arkeologisk registrering for å få oppfylt undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova.

Espeelvi:

Kulturminne og kulturmiljø ved Espeelvi er gitt middels verdi, men tiltaket er ikkje i konflikt med kulturminne og får ubetydelege konsekvensar.

Fagrapporten er ikkje utført av personale med kulturminnefagleg kompetanse. Det går ikkje fram av fagrapporten at fleire av dei SEFRAK- registrert bygningar er kvernhus langs Espeelvi. Tilstanden til desse kvernhusa er ikkje kjende, men dei vert negativ påverka av mindre vassføring i elva. Eventuelle utmarksminne er ikkje omtale i særleg grad.

Det er potensial for funn av hittil ikkje kjende automatisk freda kulturminne i tiltaksområdet. Området bør synfarast av arkeolog frå Hordaland fylkeskommune for å vurdere om det er naudsynt med arkeologisk registrering for å få oppfylt undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova.

Skiparvik:

Det er ikkje registrert kulturminne innafor tiltaksområdet.

Søknaden har ingen vurdering av kulturminneverdi eller konsekvens av tiltak i høve til kulturminne og kulturmiljø. Det går ikkje fram av søknaden om området er synfare for å vurdere kulturminnetema, då særleg utmarksminne knytt til garden.

Det er ein freda bergkunstlokalitet, id 130862, ca. 175 meter nord for planlagde røyrtasé.

Det er potensial for funn av hittil ikkje kjende automatisk freda kulturminne i tiltaksområdet. Området bør synfarast av arkeolog frå Hordaland fylkeskommune for å vurdere om det er naudsynt med arkeologisk registrering for å få oppfylt undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova.

Skjeldvikelva:

Ut i frå dagens opplysningar forventas tiltaket å få middels negativ konsekvens i anleggssfase og liten negativ konsekvens i driftsperioden for kulturminne og kulturmiljø.

Fagrapporten er ikkje utført av personale med kulturminnefagleg kompetanse, men det er brukt gode lokalkunnskap om kulturminne i området.

Oppstrøms inntaksområdet finnes to automatisk freda klebersteinssteinbrot. Nord for elva er det fleire freda klebersteinsbrot. Ingen av desse er i direkte konflikt med planlagde tiltak. Sør for elva og planlagde rørgatetrasé finnes en stor kleberstein kor det er gjort et gryteuttak, som ikkje er registrert i Askeladden. Dette er ikkje kartfestet.

Det er stort potensial for funn av hittil ikkje kjende automatisk freda kulturminne i tiltaksområdet. På Skjeldvikelva vert det krav om arkeologisk registrering for å få oppfylt undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova. Området bør synfarast av arkeolog ved Hordaland fylkeskommune for å vurdere omfang av dei arkeologisk registrering og utarbeidd eit kostnadsoverslag for slik.

Sleveåne:

Det er ikkje registrert kulturminne som vert påverka av planlagde utbygginga.

Fagrapporten er ikkje utført av personale med kulturminnefagleg kompetanse.

Basert på kjende kunnskap er det lite potensial for funn av hittil ikkje kjende automatisk freda kulturminne i tiltaksområdet. Likevel bør området synfarast av arkeolog frå Hordaland

fylkeskommune for å vurdere om det er naudsynt med arkeologisk registrering for å få oppfylt undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova.

Storelvi:

Våre vurdering er at området har middels verdi som kulturmiljø. Her er eit gardsmiljø med enkeltelement frå tidleg 1800-talet i eit kulturlandskap som er haldne i hevd. Fleire freda bergkunstlokalitetar ligg i øvre del av vassdraget mellom Storelvi og Matbekken, men desse treng betre kartfesting. Samla sett vurderast tiltak til å få middels negativ verknad på kulturminne og kulturmiljø i anleggsfase og liten til middels negativ verknad i driftsfase.

Søknaden har ingen vurdering av kulturminneverdi eller konsekvens av tiltak i høve til kulturminne og kulturmiljø. Det går ikkje fram av søknaden om området er synfare for å vurdere kulturminnetema, då særleg utmarksminne knytt til garden.

Vassvegen for overføringa mellom Matbekken og Storelvi er for nær til dei kjende automatisk freda bergkunstlokalitetar. Alternativ som ligg lengre unna dei freda kulturminne må vurderast.

Det er stort potensial for funn av hittil ikkje kjende automatisk freda kulturminne i tiltaksområdet. På Storelvi vert det krav om arkeologisk registrering for å få oppfylt undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova. Området bør synfarast av arkeolog ved Hordaland fylkeskommune for å vurdere omfang av dei arkeologisk registrering og utarbeidd eit kostnadsoverslag for slik.

5.2 Vurdering av samla verknadar for landskap, friluftsliv og reiseliv

Dei ti søknadane ligg alle i eit svært verdifullt fjordlandskap, der det også har vore fleire tidlegare utbyggingar, både store og små. Det er derfor eit viktig og riktig skritt at NVE legg opp til ein samla vurdering av dei ti søknadane. Sumverknadsrapporten for tema landskap, friluftsliv og reiseliv er derimot ikkje god nok til å gjere ei heilskapsvurdering. Nedanfor følgjer moment som underbyggjer denne påstanden.

5.2.1 Metodikk

Rapporten er eit forsøk på å sjå fleire utbyggingsøknader i samanheng, og det er i seg sjølve positivt. Inntrykksstyrkekart på s. 22 i rapporten gir ein grei oppsummering av visuelt inntrykk frå dei viktigaste ferdselsvegane. Det er derimot ein del sentrale svakheiter ved metodikken som er nytta:

- Rapporten diskuterar ut frå eit tidspunkt kor man hadde ei unormal tørr sommarvassføring. Det kunne med fordel i tillegg ha blitt samanlikna med normalsituasjonen og tilfelle med høg sommarvassføring. Det vert heller ikkje diskutert i kva grad minstevassføringa i prosjekta kan oppretthalde inntrykkstyrken til elvane/fossane. Minstevassføringa utgjer normalsituasjonen etter ei utbygging, og er heilt sentral å diskutere. Dette er ei stor mangel i rapporten.*
- Rapporten har berre visualisering (foto) av vassføringa på 25 % persentilen. Rapporten manglar visualisering for middels og høg sommarvassføring.*
- Rapporten beskriver eigentlig ikkje samverknader, men rangerer konfliktgrad innanfor gruppa av dei 10 utbyggingsprosjekta.*
- Rapporten manglar omtale av allereie gjennomførte og konsesjonsgitte utbyggingar. Rapporten seier ikkje kor stor del dei 10 søknadane utgjer av vassdragsnaturen langs Sørffjorden. et ville vore spesielt nyttig å ha ein oversikt over alle fossefalla som er*

vesentlege for landskapskarakteren i Sørfjorden. På den måten kunne ein ha sagt noko om samverknader for landskapsrommet totalt sett.

- Rapporten ser på vassføringa og beskriver ikkje landskapsverknad av sideinngrepa som vegar, massedeponi, røyrgate/røyrgatetrasé og eventuelle behov for oppgradering av linenett. Ofte kan desse ha størst visuell verknad.
- På side 15 i rapporten blir ikkje ordet "vendepunkt" som forfattaren brukar i skildringa forklart.

5.2.2 Landskap

Rapporten konkluderar med at dei planlagde utbyggingane i elvene Bleia, Digraneselvi og Slevåni vil innebere ein merkbar svekking av landskapskarakteren. Det må påpeikast at undersøkinga vart utført på eit tidspunkt med svært låg sommarvassføring. I ein normalsituasjon kan dette biletet ha vore annleis. Her kan nemnast at det var elvene Børve/Deildo, Espeelvi og Digraneselvi som kom dårlegast ut i dei individuelle konsekvensvurderingane av landskap, alle med karakteren middels negativ konsekvens (sjå tabell 1 ovanfor). Likevel synest konklusjonen om at det er elver med stabil vasstilførsel frå Folgefonna som er viktigast for landskapskarakteren å medføre ein viss gyldigheit. Fylkespolitiske retningsliner for små vasskraftverk, R3, seier følgjande:

"I fjordlandskap av stor verdi skal ein vere restriktiv med inngrep som fjernar eksponerte fossar og vassdrag eller reduserer heilskapen i landskapet. Ein skal legge vekt på at terrenginngrep, vegar, røyrgater mm. ikkje fører til varige sår som reduserer opplevingsverdien i landskapet. Ved inngrep i eksponerte fossar og elvestrekningar skal det stillast krav til minstevassføring som opprettheld landskapskarakteren og opplevingsverdien."

Utbygging av dei prosjekta som rapporten peikar ut som mest karakterdannande, vil kunne redusere heilskapen i landskapet. Her bør ein vurdere nøye om forslaga til minstevassføring er tilstrekkelege til å oppretthalde landskaps- og opplevingsverdiane. Med omsyn til landskapet bør ein helst ikkje gje konsesjon til dei prosjekta i dei tre elvene som ifølgje sumverknadsrapporten vil bli mest råka (dvs. kraftverka Bråberg, Øvre og Nedre Digraneselvi og Slevåne). Dersom ein likevel vel å gje konsesjon, må den følgjast av strenge krav til minstevassføring etter ei nøye vurdering av kva som er tilstrekkeleg for landskapskarakteren.

5.2.3 Friluftsliv

Ein viktig oppgang til Folgefonna nasjonalpark er ikkje med i rapporten. Dette er oppgangen frå Reisetete som er i influensområdet til det planlagde Skiparvik kraftverk. Denne oppgangen er ikkje T-merka, men høvesvis mykje brukt. Det same gjeld ein oppgang frå Espe til Hardangervidda nasjonalpark som det er planar om å T-merke. Denne stien går ikkje innom Espeelvi, men ligg i influensområdet, særleg i øvre del.

Ingen av dei ti planlagde småkraftutbyggingane er i direkte berøring med regionalt viktige trasear mot fjella som omgir Sørfjorden. Konsesjonane som er gitt for inngrep i Kvitno (påklaga) og Freimselva, gjer derimot det. Det er eit spørsmål om ikkje desse elvene og burde inngått i sumverknadsrapporten, for å få ein meir komplett vurdering av samla verknad av utbygging.

Nasjonal sykkelrute nr. 3 Kristiansand-Setesdal-Hardanger-Kristiansund, "Fjord og fjell" er ikkje omtala i rapporten. Dette er ein svakheit, ikkje minst då sykkelturnisme er eit satsingsområde for Hordaland fylkeskommune.

Friluftslivet nyttar landskapsrommet på ein måte som ikkje er omtala eller vurdert i rapporten, nemleg at ein beveg seg mykje i vertikalaksen, anten opp eller ned, og såleis har ei anna oppleving av elvestrengjar i heile landskapsrommet frå fjord til fjell, både dei nære og dei meir fjerne (dvs, andre sida av fjorden). Verdien av denne nære landskapsopplevinga er ikkje teke med i rapporten.

Det at Sør fjorden er randsone mellom to nasjonalparker, Folgefonna og Hardangervidda, er ikkje tatt inn i rapporten.

5.2.4 Reiseliv

Det er positivt at det er laga ein rapport som ser på samla effekt av utbygginga i området. Skal ein kunne vurdere den heilskaplege effekten av utbygginga, må ein inkludere ikkje berre planane for desse utbyggingane, men også dei som allereie er bygd ut. Det hadde vore av interesse å sjå bilete av vassdrag som allereie er bygd ut, både med omsyn på sjølve vassføringa i elva, kraftstasjonen og annan aktivitet som set spor i terrenget, som røyrgater, anleggsvegar osv. I rapporten identifiserer ein også store reiselivsinteressentar i området som Reismål Hardangerfjord og Cruise Norway, men desse verkar ikkje å ha blitt kontakta. Ein har også Hotel Ullensvang i Lofthus, som er eit av Noregs mest prominente hotell og reiselivsaktørar, og det ville vore naturleg å innhente synspunkt frå desse store aktørane.

Som ein del av Hardangerfjordområdet er Sør fjorden ein del av eit unikt fjordlandskap som er Noregs viktigaste moment i marknadsføringa og profileringa av Noreg som reiselivsdestinasjon, både nasjonalt og internasjonalt. Innlemminga av det norske fjordlandskapet (ved Geirangerfjorden og Nærøyfjorden) som ein del av UNESCO si verdsarvliste, og gjentekne kåringar av fjordane gjort av National Geographic som "verdens vakraste og best bevarte reismål" tilseier også at ein skal vere svært varsam med korleis dette landskapet blir forvalta. Urørt natur er stadig vanskelegare å finne, og trendane viser at trongen til å oppleve det urørde og ekte er aukande i takt med at vi alle lever i ein stadig meir hektisk kvardag. Tendensen i reiselivet er også at turistar i mykje større grad enn tidlegare etterspør ein aktiv ferieform, der t.d. vandring og andre aktivitetar i naturen blir ein mykje større del av opplevinga enn det å observere eit reismål passivt på avstand frå buss eller båt.

Når dette er sagt, er eit av salsføremonane til det norske landskapet at det er eit levande samfunn der folk bur og arbeidar. Det er derfor viktig å leggja til rette for at små lokalsamfunn får høve til å skape berekraftige arbeidsplassar, og kan utnytte dei naturressursane dei har rundt seg på ein god måte. Tidlegare erfaringar i Sør fjorden er at småskala kraftutbygging som er gjort på ein skånsam måte, har minimale negative verknadar, og kan også ha til dels store positive ringverknadar. Betre økonomiske vilkår for grunneigar kan t.d. føre til oppretthalding av det kulturelle landskapet, oppretting av småskala reiselivsindustri som t.d. overnattingstilbod og mattilbod på gard. For utanlandske gjestar kan også kraftverk som er bygd ut utan skjemmande vegar i landskapet og der kraftstasjonen har ei estetisk god løysing som gjer turisten høve til å sjå og lære om moderne og historisk krafthistorie, og effekten den har og har hatt i det norske samfunnet, vera ei positiv oppleving. Det er viktig å presisere at dei ulike reiselivsbedriftene i området vil ha sterkt varierende syn på utbygging, der nokon er sterkt i mot og andre er for ei slik løysing.

Skal det byggjast ut, er det avgjerande at omsynet til ei så estetisk og tilgjengeleg som mogleg løysing blir vald, at tilreisande og andre brukarar av området ikkje blir hindra frå å vandre i naturen og bruke området og at den økonomiske gevinsten i så stor grad som råd er blir i lokalsamfunnet.

6. Konklusjon

Basert på konsekvensvurderingane synest ikkje omsynet til miljø og andre arealinteresser å vere ivaretatt i tilstrekkeleg grad for følgjande elver/kraftverk: Bråberg, Børve/Deildo, Nedre Digraneselvi, Øvre Digraneselvi, Espeelvi og Slevåni. To av desse, Øvre og Nedre Digraneselvi, kjem dårleg ut i både sumverknadsrapporten og i dei individuelle konsekvensvurderingane. Sleveåne og Bråberg kjem dårleg ut i sumverknadsrapporten, medan Børve/Deildo og Espeelvi kjem dårleg ut i dei individuelle konsekvensvurderingane. Desse seks søknadane er ikkje i tråd med dei overordna rammene for utbygging i dei fylkespolitiske retningslinene (R1).

Ingen av søknadene har dessutan oppfylt fylkespolitiske retningsliner R11 punkt 7. Det har ikkje vore synfaring med kulturminnestyresmakt i samband med nokon av søknadane og pålegg om at arkeologisk undersøkingar må vere oppfylt innan fylkeskommune tek stilling til saka er ikkje oppfylt. Undersøkingssplikta etter § 9 i kulturminnelova er ikkje oppfylt. Kvaliteten på dei 10 søknadane når det gjeld tema kulturminne og kulturmiljø er varierende, og alle søknadane manglar ei kulturminnefagleg vurdering av verdien av dei kulturminne og kulturmiljø som er i registra og ei kulturminnefagleg vurdering av kva konsekvens planlagde tiltak har for kulturminne og kulturmiljø. Ingen av dei viser til ei vurdering av potensial for funn av hittil ikkje kjende automatisk freda kulturminne som er gjort av ein arkeolog.

Det er positivt at NVE ser fleire søknadar innanfor same område i samanheng. Sumverknadsrapporten som Miljøfagleg Utredning AS har utarbeida i denne samanhengen er dessverre utilstrekkeleg som grunnlag for å vurdere nettopp sumverknadane av ei full eller delvis utbygging av dei ti vasskraftverka. Fylkesrådmannen meiner derfor det er viktig å få belyst saka nærmare før det kan takast ei forsvarleg avgjerd av dei ti søknadane, jf. naturmangfaldlova § 9 føre-var-prinsippet. For å betre kunnskapsgrunnlaget foreslår Fylkesrådmannen at NVE, gjerne i samråd med Fylkesmannen i Hordaland og Hordaland fylkeskommune, finn fram til ein høveleg modell for korleis ein skal gjere ein tilstrekkeleg sumverknadsvurdering for dei ti aktuelle søknadane i Sørfjorden. Modellen kan og bør sjølvst og gjelde liknande saker i framtida, og kan hende kan den også danne utgangspunkt for ein nasjonal tilnærming til problematikken.”

Vi siterer vidare fra særutskrift fra møteboka:

” ...

Kultur- og ressursutvalet 20.06.11

Toralv Mikkelsen sette fram slikt endringsforslag:

”Punkta i innstillinga redigerast, pkt. 5 blir pkt. 1 og ordet derfor i pkt. 5 strykast.”

Røysting

Fylkesrådmannens innstilling med Mikkelsens endringsforslag vart samrøystes vedteke.

INNSTILLING

1. Fylkesutvalet ber NVE om å utsetje dei ti søknadene til eit tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag for sumverknadar ligg føre og regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern har vore på synfaring og vurdert potensial for hittil ikkje kjende automatisk freda kulturminne. Dette vil også gi eit betre grunnlag for å vurdere ulemper opp mot omsynet til verdiskaping og levande samfunn.

2. *Fylkesutvalet i Hordaland viser til konsekvensvurderingane som er utarbeida for dei ti søknadene om små vasskraftverk i Odda kommune og Ullensvang herad. Fylkesutvalet meiner at omsynet til miljø og landskap ikkje er ivaretatt i tilstrekkeleg grad for kraftverka Bråberg, Børve/Deildo, Nedre Digraneselvi, Øvre Digraneselvi, Espeelvi og Sleveåne, og at desse derfor kan vere i strid med vedtatte "Fylkespolitiske retningslinjer for små vasskraftverk" pkt. R1.*
3. *Ingen av søknadene har oppfylt dei fylkespolitiske retningslinjene R11, pkt. 7. Arkeologiske undersøkingar må vere oppfylt innan fylkeskommunen skal ta stilling til saka. Kulturminneinteressene i alle fagrapportane vart ikkje utført av arkeolog eller andre med kulturminnefagleg kompetanse.*
4. *Det er positivt at NVE ser fleire søknader innanfor same område i samanheng. Sumverknadsrapporten om landskap, friluftsliv og reiseliv er likevel utilstrekkeleg som grunnlag for å vurdere nettopp sumverknadene av ei full eller delvis utbygging av de ti søknadene. Fylkesutvalet ønskjer å leggje vekt på fjordlandskapet rundt Sørfjorden som eit internasjonalt viktig reiselivsmål, og det er viktig å få belyst saka nærmare før det kan takast ei forsvarleg avgjerd av dei ti søknadane, jf. naturmangfaldlova § 9 føre-var-prinsippet.*
5. *Fylkesutvalet ber NVE, gjerne i samråd med Fylkesmannen i Hordaland og Hordaland fylkeskommune, om å finne fram til ein høveleg modell for å vurdere sumverknadene for dei ti aktuelle søknadene i Sørfjorden.*

..."

Statens vegvesen, Region vest uttaler i brev datert 2.5.2011:

"...

Statens vegvesen sine interesser er i hovudsak etatens sitt ansvar for bygging, vedlikehald og drift av riks- og fylkesvegnett, i dette tilfelle rv. 13 og fv. 550. Våre hovudmål er å bidra til mest mogeleg trygg og god utvikling av trafikken, eit godt miljø og i tillegg ta omsyn til naboar og samfunnsinteresser elles.

Generell kommentar

Byggegrense langs rv. 13 og fv. 550 er 50 m, målt frå midt av veg. For bygging nærmare må det søkast dispensasjon.

I rammeplan for avkøyrslar er rv. 13 klassifisert som veg med svært streng haldning, fv. 550 er klassifisert som veg med streng haldning. For nye eller utvida bruk av avkøyrslar må det søkast om/godkjennast av Statens vegvesen. Sikt og utforming skal vera i samsvar med gjeldande krav.

Konsekvensane ved røyrbrot kan bli store, f.eks. utløyse skred. Det bør difor setjast krav om røyrbrotsventil.

Vurdering av kvart enkelt prosjekt utover generell kommentar.

Byro kraftverk

Behov for dispensasjon frå byggegrensa og ny avkøyrslar frå fv. 550. For å oppnå nødvendig sikt retning nord må det vesentlege terrenginngrep til. Den planlagde plassering av kraftstasjon og tilhøyrande avkøyrslar er ikkje god med tanke på trafiksikkerheit.

Børve/Deildo kraftverk

I samband med oppgradering av tilkomstvegen skal sikt og utforming av avkøyrsla vera i samsvar med gjeldande krav. Kraftstasjonen er plassert utanfor byggegrensa.

Skiparvik kraftverk

Behov for dispensasjon frå byggegrensa, noko som vil vera ei kurant sak her.

Espeelvi kraftverk

Tilkomst er via kommunal veg, kryss med rv. 13 må utbetrast i samsvar med gjeldande krav.

Bråberg kraftverk

Ingen spesiell merknad.

Storelvi kraftverk

Plassering av kraftstasjon på oppsida av rv. 13 er det beste alternativet. Det må søkast dispensasjon og løyve til utvida bruk av avkøyrslle frå rv. 13.

Skjeldvikelva kraftverk

Ny veg og avkøyrslle frå rv. 13 skal godkjennast av Statens vegvesen. Elles ingen merknad.

Øvre Digraneselvi kraftverk

Ingen spesiell merknad.

Nedre Digraneselvi kraftverk

Dersom det skal vera direkte tilkomst frå fv. 550 må det søkast løyve til avkøyrslle. Elles ingen merknad.

Sleveåne kraftverk

Alternativ plassering av kraftstasjon i fjell er den beste løysinga ut frå Statens vegvesen sine interesser. Rv. 13 har svært streng haldning for nye avkøyrslle og skal bl.a. berre godkjennast etter godkjent reguleringsplan. Statens vegvesen vurderer det uheldig å etablera ny avkøyrslle her.”

Statens vegvesen, nasjonale turistveger uttaler i brev datert 20.5.2011:

” ...

Nasjonale turistvegar er ei landsdekkande satsing på utvikling av i alt 18 turistvegar der Hardanger er ein av desse. Det er her valgt ut 3 delstrekningar og så langt har rv./fv. 7 frå Steinsdalsfossen til Halne og fv. 550 frå Jondal til Utne fått turistvegstatus medan rv. 13 frå Kinsarvik til Tyssedal etter planen skal få slik status i 2012. Satsinga på Nasjonale turistvegar er først og fremst knytta til køyreopplevinga for vegfarande turistar og i Hardanger kjem dette til uttrykk i den profilen som er laga for denne turistvegen: Fossar, fjord, fjell og fonn. Turistvegstrekinga i Sørffjorden har alle desse kvalitetane i rikeleg monn og det er viktig at desse blir tekne vare på.

Det er laga ei vurdering av den samla verknaden av dei 10 planlagde småkraftprosjekta langs Sørffjorden for landskap, friluftsliv og reiseliv (Miljøfaglig utredning AS – sept. 2010). I denne vurderinga er det m.a. vist til turistvegsatsinga i Hardanger og understreka at bilturen i Sørffjorden har eit nasjonalt opplevingspotensiale som kjem til uttrykk ved val av rv. 13 mellom Kinsarvik og Tyssedal som framtidig Nasjonal turistveg. I vurderinga er Sørffjorden delt inn i 5

delområde og verknaden av småkraftprosjekta på landskapskarakteren er vurdert både for kvart delområde og samla for utbyggingsområdet. Det er konkludert med at det først og fremst er utbygging av dei planlagde prosjekta sør for Jåstad på vestsida av Sørfjorden som vil føra til ei merkbar svekking av landskapskarakteren. Dei andre prosjekta er i langt mindre grad så eksponerte mot landskapsrommet i Sørfjorden.

Statens vegvesen v/Nasjonale turistvegar sluttar seg til dei miljøfaglege vurderingane som er gjort som grunnlag for søknaden og meiner at det er viktig å ta vare på den unike landskapskarakteren i Sørfjorden. Eit viktig element i dette biletet er dei mange elvane i dette landskapsrommet. Det er ønskjeleg at dei elvane som er mest eksponert ikkje blir bygt ut og vi vil difor rå i frå at det blir gitt løyve til desse småkraftprosjekta i Sørfjorden:

- Skiparvik
- Øvre Digraneselvi
- Nedre Digraneselvi

I tillegg bør det vurderast å sløyfa utbygging av Sleveåne kraftverk med bakgrunn i planane om å ta opp att cruisetrafikken inn til Odda i Sørfjorden.”

Direktoratet for Mineralforvaltning uttaler i e-post datert 19.5.2011:

”...

Vi har gått gjennom dei aktuelle områda og finn at tiltaka ikkje vil røre ved kjende, viktige førekomstar av mineralske ressursar. Direktoratet har følgeleg ikkje merknader til dei omsøkte prosjekta.”

BKK Nett AS uttaler i brev datert 24.3.2011:

”...

BKK Nett er utredningsansvarlig for det regionale kraftsystemet i ”BKK-området og indre Hardanger” som omfatter det meste av Hordaland fylke i tillegg til deler av Sogn og Fjordane sør for Sognefjorden.

Vi har fått konsesjonssøknader for 10 småkraft i Sørfjorden i Odda kommune og Ullensvang herad på høring. De 10 småkraftverkene har en samlet installert effekt på 36 MW. Naturlig regionalnettstilknytning vil være i 66/22 kV transformatorstasjonen i Stanavegen.

Transformeringen opp til sentralnettet i 66/300 kV transformatoren i Åsen har per i dag ikke ledig nettkapasitet til å ta i mot mer kraftproduksjon. Statnett og Odda Energi er i gang med å planlegge en økning av transformatorkapasiteten i Åsen. Det bør ikke idriftsettes mer produksjon for transformatorkapasiteten i Åsen har økt.

Det bør lages en samlet plan for hvordan 22 og 66 kV nettet i området må forsterkes for å kunne overføre produksjonen fra de 10 nye småkraftverkene. Det er til dels lange avstander fra enkelte av kraftverkene til Stanavegen. Nettløsningen bør ta høyde for at flere kraftverk kan komme i området. Blant annet kjenner vi til flere planer som ikke er konsesjonssøkt ennå.”

Odda Energi AS uttaler i brev datert 31.5.2011:

”...

Odda Energi AS har mottatt høringsbrev for ti kraftverk datert 11.3.2011, samt utsettelse av høringsfrist til 1.6.2011 pr. e-post fra NVE, og ønsker med dette som lokal område- og anleggskonsesjonær å gi vår uttale til de omsøkte prosjekter mht nettilknytning og nettkapasitet.

Odda Energi og Hardanger Energi er områdekonsesjonærer i området og har i samråd vurdert hvor krafta fra de ti kraftverkene skal sendes. Konklusjonen er at alle må kobles mot Stanavegen trafo- og koblingsstasjon (STK) i Tyssedal. Fra STK vil krafta kunne komme på sentralnettet via trafoer og eksisterende regionalnett i området.

Dimensjonerende produksjon i distribusjonsnettet mot Stanavegen

Sørfjorden vestsida	<i>MW</i>		
Øvre og Nedre Digraneselvi	9,5	Omsøkt	
Kvitno	9,0	Fått konsesjon	
Måge	0,5	Under planlegging	
Byro	3,0	Omsøkt	
Skiparvik	1,2	Omsøkt	
Øykhagen	0,5	Under planlegging	
Reisæter	1,3	Under planlegging	
Bråberg	1,7	Omsøkt	
Aga	0,5	Under planlegging	
Jåstad	0,9	Under planlegging	Totalt 28,1 MW
Sørfjorden østside			
Sleveåne	5,0	Omsøkt	
Skjeldvikelva	2,4	Omsøkt	
Espeelvi	4,3	Omsøkt	
Storelvi	3,9	Omsøkt	
Børve/Deildo	5,0	Omsøkt	Totalt 20,6 MW
			Totalt 48,7 MW

Tekniske beskrivelser

De ti omsøkte kraftverka har til sammen en installert ytelse på 36 MW. I tillegg kommer Kvitno kraftverk (9 MW, mottatt konsesjon) samt noen mindre kraftverk som er under planlegging. Totalt vil det kunne komme i underkant av 50 MW ny produksjon mot STK. For øvrig kan det nevnes at Ringedalen kraftverk (23 MW) i Skjeggedal er planlagt koblet inn på 66 kV nivå i regionalnettet. Det er per i dag ikke kapasitet for en slik mengde ny kraft i eksisterende distribusjons- og regionalnett. Odda Energi har derfor engasjert Jøsok Prosjekt til å utarbeide reviderte nettstudier om hvilke tiltak som må gjennomføres på de ulike spenningsnivåene.

Konklusjonen fra disse nettstudiene er som følger:

Distribusjonsnett:

- *Det må bygges nytt og oppdimensjonert 22 kV nett mellom Kvitno og STK. Dette innebærer: Nye jordkabler og luftledninger mellom Kvitno og Digranes.*

- Nye jordkabler, luftledninger og sjøkabel mellom Digranes og STK.
- Mindre forsterkninger på østsiden av Sørfjorden i Hardanger Energi sitt nett.

Ny trafo 66/22 kV 50 MVA i STK. Denne skal dekke all ny kraft fra Sørfjorden. Det står i dag to mindre trafoer i stasjonen med hhv 17 og 18 MVA ytelse. Den ene av disse vil i fremtiden stå som reserve til ny trafo.

Sleveåne kraftverk (4,9 MW) er tenkt tilkoblet 12 kV nettstasjon på Lindenes. I denne nettstasjonen vil det måtte utføres tilpasninger for at kraftverket skal kunne kobles til. Krafta føres via eksisterende 12 kV overføringskabler til Sengjanes/Stanavegen. Det kan her nevnes at Odda Energi ikke har mottatt noen henvendelser fra utbygger, og det som er skissert i konsesjonssøknad vedrørende tilkobling til nett ikke er aktuelt for Odda Energi.

Ifølge nettstudien til Jøsok Prosjekt, vil de totale kostnadene for nye anlegg i distribusjonsnettet kunne bli på overkant av 20 mill. kr. Disse kostnadene må fordeles mellom nye småkraftverk, samt netteiere dersom de har behov for forsterkning av dagens nett. Fordelingen av kostnader utføres mht småkraftanleggenes størrelse.

Som denne oppstillingen viser er det spesielt linje- og kabelnettet på vestsida av Sørfjorden som må oppjusteres, i tillegg til ny trafo i STK.

Regionalnettet:

I regionalnettet er det spesielt trafokapasiteten mot sentralnettet som må økes. Nettet kjøres i dag delt mellom fabrikklast og alminnelig forsyning, der disse to oppdelte nettene er koblet mot sentralnettet med hver sin 150 MVA trafo. Ny småkraft fra Sørfjorden må forsynes mot nettet for alminnelig forsyning, noe som tilsier at dagens trafokapasitet mot sentralnettet er på 150 MVA.

Dagens regionalnett:

Produksjon – ca. 247 MW

Uttak – ca. 127 MW (tunglast)

Som disse produksjons- og uttakslastene viser, er regionalnettet avhengig av en viss uttaksstørrelse, og i visse perioder av året (lavlast) er sentralnettstrafoen fullastet.

For at Odda Energi skal kunne tillate ny produksjon i regionalnettet, må trafokapasiteten mot sentralnettet økes. Jøsok Prosjekt har derfor konkludert i sin rapport med at det må installeres en ny 150 MVA trafo. Denne er tenkt plassert i Åsen i Skjeggedal. Kostnadene er grovkalkulert til ca. 30 mill.kr, men inngår i sentralnettet/- tariffen og belastes derfor ikke lokalproduksjon alene.

Når det gjelder regionalnettet for øvrig vil det kunne oppstå flaskehals i noen kabler. Dette er tenkt løst vha en ny 66 kV koblingsstasjon i Åsen, og ny produksjon må kunne forvente å dekke en liten del av denne stasjonen også.

Anleggsbidrag

Med unntak av kostnadene med ny trafo mot sentralnettet er de ulike tiltakene som er beskrevet ovenfor tenkt finansiert vha anleggsbidrag, der hvert enkelt prosjekt bidrar ihht anleggets størrelse. Det må inngås avtaler mellom Odda Energi og utbygger, der utbygger forplikter seg til å dekke sine respektive kostnader. I de områder der også andre har behov for forsterket nett, vil også disse måtte bidra økonomisk.

Odda Energi vil i nær fremtid gå i dialog med hver enkelt aktuell utbygger, der dette med avtale om tilknytning og anleggsbidrag diskuteres. Dette for at vi som netteier skal få avklart

dimensjonerende produksjon og kunne begynne å planlegge de tiltak som må gjennomføres i nettet.

Oppsummering

Odda Energi AS er i utgangspunktet positiv til at naturressursene i området kan utnyttes og vil oppfylle sin rolle som områdekonsesjonær ved å legge forholdene til rette for nettilknytning og nettforsterkning der dette er samfunnsøkonomisk forsvarlig. Imidlertid forutsettes at kraftverket bidrar med dekking av kostnader, alt i samsvar med gjeldende forskrifter fra NVE. Odda Energi forutsetter videre at nettselskapets krav til kraftverkets roterende maskiner, reguleringsmulighet og apparatutrustning blir oppfylt, slik at det sikres en stabil drift. I denne sammenheng benytter Odda Energi REN sine anbefalinger.

Det er ingen kapasitet i dagens nett for å overføre ny produksjon. Det må foretas forsterkninger/bygging av nytt nett for å få ut ny produksjon. Vår utredning har konkludert med hvilke tiltak som må gjennomføres. Det er så langt ikke foretatt samfunnsøkonomiske betraktninger mht de foreslåtte nettforsterkningene og dimensjonerende produksjon.

Odda Energi AS kan på bakgrunn av dette ikke tillate noen av de ti kraftverkene matet inn på nåværende nett før nødvendige nettforsterkninger er etablert. Odda Energi AS vil sammen med Hardanger Energi ta kontakt med de aktuelle utbyggerne for å drøfte tekniske løsninger og økonomiske konsekvenser, med sikte på å komme frem til en avtale.

Hardanger Energi AS uttaler i e-post datert 1.6.2011:

” ...

Vi syntes at den løsningen med at NVE behandler alle søkere samtidig og gir alle en eventuell konsesjon samtidig er et steg i riktig retning. Sett fra vår side er dette ei svært god løsning for både netteier og de som ønsker å etablere småkraftverk.

Som netteier må vi gi nett-tilknytning til de som har fått konsesjon og skal bygge, eller vi må bygge nytt nett/ forsterka før en kan tillate at nye småkraftverk blir tilknyttet strømmnett i det aktuelle området. Så lenge det er ledig kapasitet i nettet, og netteier ikke har behov for å forsterka/bygge nytt nett, er det ikke kostnader forbundet med en nettilknytning. Dette er i forhold til vårt distribusjonsnett.

Dette er selvsagt flott for den som kommer først til ”mølla”. Når nettet er fullt og neste utbygger kommer, er det ikke plass i strømmnettet for å få produksjonen ut. Derfor vil en del prosjekter ikke bli realisert fordi småkraftprodusentene ikke kan bære investeringskostnaden med ei nettforsteking alene. Dermed kan storsamfunnet gå glipp av miljøvennlig kraft.

Når NVE behandler konsesjonssøknadene i et begrenset område, til samme tid og gir et svar til alle samtidig, vil vi som netteier kunne planlegge og tilrettelegge for en eventuell nettforsterking i strømmnettet på en langt bedre måte.

Dette sikrer netteier at alle som søker nett-tilknytning blir behandlet likt og alle må ta del i et anleggsbidrag som en eventuell nettforsterkning krever. Dette er ei god løsning for alle parter og det vil være en større sannsynlighet for at alle kan få ut den produserte krafta ut på strømmnettet.

Hardanger Energi har begrenset med ledig kapasitet i vårt eksisterende distribusjonsnett. Vi har plass til enkelte nye småkraftverk men ikke til alle. For å få alle knyttet til strømmnettet må vi gjøre en del tiltak i eksisterende strømmnett. Omfanget av en eventuell forsterkning vil

framkomme når vi får kjennskap til hvor mange av de som har søkt om konsesjon får nødvendige tillatelser for å bygge.

Ny produksjon er planlagt mot regionalnettpunktet til Odda Energi i Tyssedal. Vi har en god dialog med netteier og er kjent med de problemstillinger som ny produksjon medfører. Det er ikke kapasitet i overliggende nett for ny planlagt produksjon. Dette er Hardanger Energi orientert om av Odda Energi.”

Naturvernforbundet i Hordaland uttaler i brev datert 3.6.2011:

”...

Sørfjorden

Sørfjorden i Hordaland fylke er den innerste armen av Hardangerfjorden og deler Folgefonnhalvøya i to. Av det som kan kalles norske merkevarer er de vestnorske fjorder det mest kjente, nasjonalt som internasjonalt. Av disse igjen er det Sørfjorden som blir kalt ”Dronningen av de norske fjorder” og som er selve innbegrepet av fjordverdenen.

Da Norge fikk sin egen grunnlov i 1814 vokste også den norske nasjonalbevisstheten frem. Norges folk ville ikke bare være en politisk nasjon, men en nasjon med felles kultur. Dette ble prosjektert gjennom litteratur, musikk og billedkunst. De nasjonale skattene som var folkeeventyr, sagn og viser ble skrevet ned og ble sett på som en del av folkesjela. Naturen ble et symbol på Norge. Kunstnere valfartet til Hardanger og Sørfjorden og brukte det inntrykkssterke landskapet og folkelivet i regionen til å skape den nasjonale identitet gjennom sin kunst. Det var foranledningen til tanken om Norge som egen nasjon og løsrivelsen fra unionen med Sverige i 1905.

I vår tid har de mer prosaiske og saksorienterte rapportene og dokumentene overtatt beskrivelsen av Hardanger og Sørfjorden. Og de ender alle opp med å lovprise landskapet og den innvirkning det har på folk og sjel, slik som kunstnerne for 150 år siden.

Et ekspertpanel tilknyttet National Geographic har for andre gang på få år kåret fjordene på Vestlandet til verdens beste reisemål. I kåringen er 133 reisemål evaluert ut fra evnen til å ta vare på destinasjonen på en bærekraftig måte. Norge får skryt for måten det spektakulære og unike fjordlandskapet er ivaretatt.

Olje- og energidepartementet sine Retningslinjer for små vannkraftverk forklarer: Det vestnorske fjordlandskapet har landskapskvaliteter av regional, nasjonal og internasjonal verdi.

Mange steder danner fjordene visuelt avgrensede landskapsrom med samlede karaktertrekk. Et mangfold av kontrastrike landskapselementer som fjordspeil, bratte fjordsider og fjell, elver og fosser, vegetasjonsbelter og særpregede kulturmiljøer bidrar til høy inntrykksstyrke. Rennende vann er med på å understreke kontrasten mellom horisontale og vertikale linjer definert av fjordspeil og bratte fjellsider. I typiske ”fossefjordlandskap” domineres landskapsbildet av markerte stryk og fosser som i flomperioder fremstår som naturlige blikkfang. Lyden av rennende vann er også en miljøkvalitet som virker sammen med det visuelle og forsterker inntrykket.

Hordaland fylkeskommune (HF) har utarbeidd Fylkesdelplan for små vasskraftverk hvor de fastslår at: Fjordane i fylket har nasjonale og internasjonal landskapskvaliteter. Landskap i klasse A er område der dei samla komponentane har kvalitetar som gjer landskapet eineståande og serskilt opplevingsrikt. Eit slikt landskap er heilskapleg med stort mangfald og høg inntrykksstyrke, og HF klassifiserer Sørfjorden som et slikt landskap. Heile fjordlandskapet,

med djupskårne fjordar, bratte fjell med islett av kulturlandskap, er vurdert å ha stor verdi og vert sett på som unikt i nasjonal målestokk, er konklusjonen til fylkeskommunen

Gjesteundersøkingene fra fylkeskommunen viser at å få oppleve natur og landskap er den viktigste drivkraften og viktigste kjøpsmotivet for de besøkende enten de er gjenkjøpere, førstegangsbesøkende, rundreiseturist eller oppholder seg på samme destinasjon gjennom hele oppholdet. Den unike posisjonen som fjordene har som reisemål, mellom annet stadfestet gjennom flere kåringer i National Geographic, teller sterkt når turistene velger reisemål.

Undersøkelsene viser at ingen av reisemålene i fylket har attraksjon i kraft av seg selv, slik at de blir et eget reisemål, med unntak av fjordene.

Sørfjorden ligger i en region som representerer det ypperste innen opplevelsesverdi og er unik i nasjonal og internasjonal målestokk og Rv 13 mellom Tyssedal og Kinsarvik er derfor inntatt i den eksklusive offisielle statusen Nasjonal turistvei. Denne særskilte turistattraksjonen skal stimulere veifarende turister til å benytte Norge som sitt feriemål og gjennom det styrke næringsgrunnlag. Nasjonal turistvei skriver at: Landskapet langs Nasjonal turistveg Hardanger er for mange biletet av nasjonalromantisk vestlandsnatur der frodig grønske, fossar, fjord, fjell og fonn har lokka turistar i over hundre år.

NIJOS-rapport 8/2000 Skildringar av landskapsunderregionar i Hardanger og delar av Sunnhordland (A. Elgersma) sier under Vurdering av opplevingskvaliteter i landskapsområdet:

Inntrykkstyrke: Særs inntrykksterk

*Heilskap: Redusert heilskap regionalt på grunn av regulering, utretting og forbygging av elveløp. **Attverande urørt elve- og fosselandskap av uvurderleg stor betydning for nasjonal landskapskvalitet.** (Vår utheving)*

Sumvirkninger

NVH vurderer at sumvirkningene først og fremst gjelder landskapsbilde og den identiteten vannet skaper i denne fjorden.

Vi fastslår at vannet og vannets fysiske tilstedeværelse i fjordrommet er uvurderlig for landskapskarakteren, enten det er fjorden selv som ligger som et blankt vannspeil eller vannets bevegelser nedover de vakkert fargede og kontrastfylte fjellsidene.

Situasjonen i Sørfjorden er slik at det allerede er gitt en rekke tillatelser til å bygge vannkraftverk. NVH synes det er vanskelig å finne den totale oversikten, men ut i fra data på NVE sine nettsider, virker det som om at det allerede er gitt tillatelse til 22 vannkraftverk. Sørfjorden er smal og heller ikke lang og bare 2 vassdrag som er synlig fra fjorden er store i volum, Edna og Kvitno. Kvitno har allerede fått konsesjon til å bygges ut. For å beholde det karakteristiske fjordlandskapet er det derfor nødvendig å ta vare på de synbare elvestrengene som er igjen og det er ikke stort flere enn de det er søkt om konsesjon for. Det betyr at ved denne konsesjonsrunden er det nå Sørfjordens framtid som nasjonalt ikon og internasjonalt reisemål som skal avgjøres.

Følgende elver er visuelle landskapselementer av betydning og godt synlige om lag hele vannveien fra fjorden og veien på en av sidene av fjorden:

- *Sleveåne*
- *Nedre Digraneselvi og Øvre Digraneselvi som er en og samme elv*
- *Skjeldvikelva*

- *Skiparvikelva*
- *Børve/Deildo har store lange strekk synlig*
- *Espeelvi har et relativt stort innsynsområdet, og effekten av redusert vannføring vil være synlig i både det nære og vide landskapet.*
- *Bråberg ser ut til å være et fornuftig og måteholdent prosjekt, men når det er tredje kraftverk i elva må det vurderes om totalbelastningen blir for stor samlet sett.*

Andre vurderinger

Sumvirkninger i fjellet:

NVH mener NVE også bør se på sumvirkningene i fjellet og vurdere om tålegrensen er nådd for de mest belasta utbyggingsområdene. Espeelvi og Sleveåne har sitt utspring i høyfjellsområder som er benyttet til vannkraftproduksjon i stor skala og hvor miljøkonsekvensene har vært svært negative med omfattende landskapsinngrep.

Sjørret:

Utenfor de fleste elvene i fjorden er det sjørret i osen. I Digraneselvi og Bleielva går den også opp i elva den første strekningen. Sjørret og laks i Hardangerfjorden og Sørfjorden er eksistenstruet.

Folgefonna nasjonalpark:

Lausvatnet ligger innenfor Folgefonna nasjonalpark og inntaket til Øvre Digraneselvi kraftverk kommer helt på grensen til nasjonalparken.

Inngrepsfrie naturområder (INON):

Børve/Deildo innbefatter store uberørte områder og tiltaket vil medføre en vesentlig reduksjon i inngrepsfritt areal med et netto tap på 6,4 km². Tapet utgjøres av tap fra inngrepsfri sone 1 og 2, og det blir i tillegg omklassifisert til sammen 8,2 km² fra villmarksprega områder og INON-sone 1 til lavere kategori. Dette er et relativt stort tap, og kommer i tillegg til at øvre del av tiltaket blir liggende om lag en kilometer fra grensen til Hardangervidda Nasjonalpark.

Konklusjon

Det er klargjort at Sørfjorden er et landskap i verdensklasse. Fossene og elvene er et av de viktigste og helt nødvendige karaktertrekkene i dette landskapet. Det er allerede gitt tillatelse til mange kraftutbygginger i fjorden. De konsesjonene det nå er søkt om utgjør mesteparten av gjenværende elver. Hvis Norge tar sitt ansvar som forvaltere av landskap seriøst burde det ikke bli tillatt å bruke de gjenværende elvene i Sørfjorden til produksjon av kraft.

Som et minimumskrav bør de elvene som synes i fjordlandskapet bli spart. Det gjelder Sleveåne, Øvre Digraneselvi, Nedre Digraneselvi, Skjeldvikelva, Skiparvikelva, Børve/Deildo, Espeelva.”

Norsk Ornitologisk Forening, avd. Hordaland uttaler i brev datert 3.6.2011:

” ...

Det er ikke kjent spesielle forekomster av fugl i de omsøkte vassdrag og vi har således ingen konkrete kommentarer til de enkelte utbygginger.

Det er imidlertid et betydelig inngrep samlet sett og vi kan ikke utelukke at utbygginger, som samlet sett påvirker så mange vassdrag, kan ha negative innvirkninger på de artene som er avhengig av disse elvestrekningene.

Det er og grunn til å påpeke at ev. negative påvirkninger på det biologiske mangfoldet ikke er tatt med i den Miljøfaglige utredningen noe som synes å være underlig tatt i betraktning den samlede størrelse av utbyggingene.”

Pål Tømmernes uttaler i e-post datert 20.5.2011:

” ...

Det er bra at NVE ønsker å vurdere alle forhold for disse 10 søknadene samlet.

Jeg mener det er viktig at man da også ser på hva som er gjort av tidligere inngrep både fra kraftindustri og andre typer inngrep som påvirker totalbelastningen for et så konsentrert område som Sør fjordområde er.

Ti nye kraftverk er svært mange i et lite område når man tar i betraktning hva som er (kraft)regulert fra før. Man må også her se på nærheten mellom de inngrep som gjøres også på tvers av fjorden. Flere prosjekter det her er søkt om og mange småkraftprosjekter som allerede er godkjent og (noen) bygd, ligger i luftlinje over fjorden, og langs fjorden, svært tett på hverandre. Mange er godt synlig fra det ene til det andre prosjektet. Tettheten til anlegg i andre kommuner er også påfallende. NVE bør i en så omfattende søknad heve blikket slik at man også ser på totalbelastningen rundt hele Folgefonnhalvøya.

Alle de 3 elvene som det totalt søkes 4 utbygginger på i Odda er svært visuelle, og er i dag med å forme Hardanger og Sør fjord-landskapets særpreg.

Sett ut fra totalbelastning bør ingen av de omsøkte utbyggingene i Odda tillates.

Generelt. NVE gir svært ofte tillatelse til utbygginger hvor det fra utbyggers side hevdes at slipp av minstevannføring på størrelse med ”ålmenn lågvassføring” er tilstrekkelig avbøtende tiltak mhp gjenværende vannføring.

Det er svært urovekkende at en faginstans som NVE fortsatt godkjenner prosjekter med en slik mal for gjenværende vannføring. Ofte i størrelsesorden helt ned i 2-5 % av normalvannføring.

Om man velger å godkjenne noen av disse prosjektene etter en totalvurdering av belastningen i område, må det pålegges en langt bedre balanse mellom uttak og restvannføring.

Sett i forhold til de miljø- og klimautfordringer verden står ovenfor (som ofte hevdes å være et argument for videre småkraftutbygginger) er det grunn til å stille spørsmål ved hvor mye denne energiformen bidrar med målt mot verdens energiforbruk. Min påstand er at denne ”grønne småkraften” bidrar langt mindre i det totale energibildet, en hva folk flest synes å være klar over.

Uten at jeg tror NVE er rette instans å klage til, er det også et paradoks at det kan forekomme at det sitter private utbyggere i kommunestyre, som stemmer for og er talerør for småkraftutbygginger i egne kommuner.

Det er kanskje ingen lett oppgave NVE har, men jeg håper vi også om 5 år kan si at de bildene vi i dag tar og har av vassdragsnaturen i Hardanger, også kan oppleves og sees av våre etterkommere.”

Ingebjørn Bleie har i e-post av 15.5.2011 kommet med følgende uttalelse til Skiparvik kraftverk:

”Under punkt 1.4 i konsesjonssøknaden står følgende: ”Inntaket på kote 440 moh har delvis sammenfallende nedbørsfelt med naboelven Strutåni, på om lag kote 700 moh deler Strutåni seg, og om lag 40 % av tilrenningen går til Skiparvikelvi.” Dette er og brukt som grunnlagsinformasjon i enkelte av vedlegga.

Etter det me kjenner til eksisterar det ikkje konkrete målingar på korleis vassmengdene frå det felles nedbørsfeltet fordelar seg. Det vil også vera variasjonar i fordelinga over tid. Konkrete prosenttal som til dømes dei som er brukt ovanfor vil difor ikkje vera korrekt å leggja til grunn i alle situasjonar, med tanke på usikkerheitsmomenta og det usikre datagrunnlaget.

Me vil likevel understreka at begge elvane har stabil vassføring sett over lang tid, til breelvar å vera, og gitt fråver av inngrep i området eller naturhendingar som større ras e.l., er fordelinga av vatnet meir ei teoretisk problemstilling ein bør vera observant på, snarare enn eit konkret problem i planlegging av anlegg i dei to elvane.”

Leif Ove Jordal har i e-post av 18.5.2011 kommet med følgende uttalelse til Nedre Digranes kraftverk:

”Eg er grunneigar og medeigar i Nedre Digranes kraftverk, men er svært skeptisk til nokon av løysingane. Det er unødvendigt å gå over dyrka mark, innslaget kan trekkast litt lenger sør.

Dammen som er planlagt ved inntaket vil føra til auka skredfare fordi dammen ligg midt i ei skrea. 6000 m³ vatten og mykje snø vil føra til stor skredfare for oss som bur i Rymbel på Digranes. Dette kan ikkje godtakast.”

Etter befaringene har NVE mottatt følgende tilleggsuttalelser:

Fylkesmannen i Hordaland har i brev av 26.10.2011 kommet med følgende tilleggsuttalelse:

”...

Fylkesmannen har motsegn til utbyggingsplanane for bygging av følgjande kraftverk: Børve-Deildo, Skjeldvikelva, Sleveåni, Øvre Digraneselvi, Nedre Digraneselvi og Byro. Fylkesmannen ber NVE setje krav om alternative utbyggingsplanar for Storelvi kraftverk og Espeelvi kraftverk før ein tek stilling til konsesjonssøknadane. Det er gitt ei nærare vurdering etter naturmangfaldlova, spesielt §§ 8, 10 og 12.

Fylkesmannen viser til motsegn av 14. juni 2011 i samband med høyring på utbygging av 10 småkraftverk i Sørfjorden. På bakgrunn av sluttsynfaringar gir vi no ei tilleggsuttale der vi knyter motsegna klårare til dei einskilde vassdraga og trekker motsegna for dei andre.

Vi gir og meir utfyllande vurdering av omsøkte utbyggingar ut frå naturmangfaldlova, spesielt § 8 kunnskapsgrunnlaget, § 12 miljøforsvarleg teknikk og driftsmetoder og § 10 økosystemtilnærming og samlet belastning.

Kunnskapsgrunnlaget og bruk av miljøforsvarlege teknikkar

Tidleg i høyringsfasen ba Fylkesmannen om meir informasjon for å få betre oversyn over arealinngrepa knytt til ut dei omsøkte prosjekta. Vi meiner at konsesjonssøknadene må vise korleis utbyggingane vil påverke landskap og opplevingsverdi på betre måte enn det som er gjort i søknadene.

Gjennom synfaringane i mai og september har vi fått eit noko betre bilde av inngrepa knytt til dei ulik prosjekta, spesielt inntaksområde, veg- og røyrgetrasear og stasjonsområde. Endringar i vassføring er fortsatt dårleg synleggjort. Dette gjer det vanskeleg å danne seg eit bilde av kor korleis utbyggingane vil påverke vassdragsnaturen til ulike årstider.

Sørfjorden har bratte fjellsider, noko som gir store utfordringar ved alle utbyggingar. Dersom det vert gitt konsesjon til vassdragsutbygging etter framlagte planar vil det føre til fleire nye spor i landskapet. Spesielt vil bygging av røyrgater og vegar vere godt synlege. Saman med

bortfall eller reduksjon i vassføring vil sumverknader av inngrepa etter vår oppfatning vere uakseptable.

For å sikre at eventuelle utbyggingar skjer på mest skånsame måte bør det må setjast krav til utgreiing av alternative utbyggingsplanar, jf. §§ 8 og 12 i naturmangfaldlova. Fylkesmannen meiner NVE bør setje krav om slike utgreiingar før ein tek stilling til søknadane, jf nærare omtale av dei einskilde vassdrag under.

Økosystemtilnærming og samlet belastning

Naturmangfaldlova § 10 omhandlar summen av påverknader. Prinsippet om samla belastning kjem til uttrykk i ulike lover og regelverk.

Også når det gjeld vedtak etter vassressurslova må ein sjå både på eksisterande inngrep og planlagde utbyggingar for å kunne vurdere samla belastning.

Landskap og inngrep i Sør fjorden

Fjordlandskapet i Hardanger med fruktbygdene, er knytt til vår nasjonale identitet og til Norges høge attraksjonsverdi som reisemål internasjonalt. Fjella mot Hardangervidda og Folgefonna brekappe gir denne storskala innramminga av Sør fjorden. Vassdragsnaturen, med mange store og små elver i fjellsidene, kulturlandskapet og bygningsstrukturen er sentrale element i landskapet. Industrierområde, kraftanlegg, grustak, plantefelt, frukthagar, vegar, skredvoller, tunnelar, overbygningar, kaier, luftliner og anna viser at menneska har hatt sitt levebrød og virke i området gjennom lang tid.

Strandlina langs Sør fjorden er i stor grad nedbygd eller utfylt. Ikkje minst har bygging og utbetring av riksvegane på baa sider av fjorden medverka til denne utviklinga. Slike inngrep må inngå i vurderingar om samla belastning.

Fylkesdelplan for små kraftverk i Hordaland (2009 – 2021) har samla oversyn over vassdrag og andre sentrale naturfaglege tema. Ifølgje planen er det eit potensiale for å byggje 40 nye småkraftprosjekt i området frå Utne inn til Odda.

Status for vassdraga er etter det vi kjenner til som følgjer:

- *Utbygde vassdrag (konsesjonsvedtak og konsesjonsfrie):* Ullensvang herad: Kinso kraftverk, Kinnali kraftverk, Utne kraftverk, Måge kraftverk, Reisæter minikraftverk, Strutåni kraftverk, Kaldåni mikrokraftverk, Jåstad kraftverk, Grimo kraftverk. Odda kommune: Tyssedal-området, inkludert overføring frå Bersåvatna, som og omfattar Tyssestrengene inst i Ringdalsvatn.
- *Fått konsesjon, men ikkje bygd:* Kvitno kraftverk, Ullensvang herad og Freim kraftverk, Odda kommune.
- *Under konsesjonshandsaming:* Tveisme kraftverk, Ullensvang herad (motsegn frå Fylkesmannen)
- *Avslag på konsesjonssøknad:* Opo kraftverk, Ullensvang herad (påklaga).
- *Varig verna vassdrag:* Kinso i Ullensvang herad, Opo i Odda kommune.

Det er stort press på utbygging av vassdraga i Sør fjorden, som i resten av Hardangerfjorden. Det er difor ei utfordrande oppgåve å forvalte vassdragsnaturen med eit langsiktig og berekraftig perspektiv. Fylkesmannen er tilfreds med at NVE gjer eit samla grep når det gjeld Sør fjorden.

I rapporten "Samlet virkning av småkraftverk" (Miljøfaglig utredning AS) er det lagt avgjerande vekt på korleis endring i vassføringa i nedløpselvane verkar inn på landskapskvalitet og oppleving. Andre arealinngrep knytt til utbygging og andre sentrale faktorar som påverkar landskapet er ikkje vurderte. Fylkesmannen meiner at denne tilnærminga er for snever, og følgjeleg ikkje dekkjande for å vurdere samla belastning etter § 10 i naturmangfaldlova.

Nærare merknad til dei einskilde utbyggingsforslaga

Børve - Deildo kraftverk

Omsøkte utbygging vil føre til omfattande endringar i aktuelle vatn og vassdrag. Her vil vi nemne nytt utløpsområde i Røvilsvatnet, nytt elvelaup til Naustelva, tverrgående overføring til Grimsdalselva, og bortføring av vatn frå Deildo og Børve.

Det er og dokumentert at utbygginga vil føre til store INON-tap, inkludert villmarksområde. Vidare ligg Røvilsvatnet og heile inntaksområdet nedafor innafor grensa for Hardangervidda villreinområde som inngår i forslag til nasjonalt og europeisk villreinområde. Regional plan for Hardangervidda, som no ligg til slutthandsaming viser at desse områda er kartlagt med "høgt potensielt kalvingsområde".

Norge har internasjonalt ansvar for å ta vare på den europeiske villreinen og verdiane den representerer. Nasjonale mål i villreinforvaltninga er ikkje omtala utfyllande i konsesjonssøknaden.

Børve-Deildo er blant det mest karaktergivande vassdraga i Sør fjorden. Fylkesmannen meiner dei må sikrast som landskapselement også i framtida.

Det er knytt motsegn til søknad om utbygging av Børve-Deildo.

Storelvi kraftverk

Inntaksområdet ligg heilt i kanten av Hardangervidda villreinområde, sjå omtale av Børve-Deildo kraftverk. Omsøkte utbygging er omfattande, med veg og røyrgate som vil bli godt synleg i fjellsida.

NVE bør krevje utgreiing av eit utbyggingsalternativ med tunnel i staden for røyrgate før ein gjer vedtak i saka. Fylkesmannen held fast på si tilråding om å ikkje opne for utbygging av Matbekken. Tilhøvet til Hardangervidda villreinområde må dokumenterast. Dersom det vert opna for konsesjon må NVE setje strenge krav til utforming av detaljplanar, minstevassføring og aktuelle avbøtande tiltak gjennom konsesjonsvilkåra.

Espeelvi kraftverk

Vassføringa i Espeelvi er påverka etter at deler av nedslagsfeltet tidligare er overført til Bersåvatna. Elva har til tider lite vassføring. Det er ikkje planlagt vegar, men bygging av røyrgate i det bratte terrenget vil bli godt synleg, sjølv om ho til dels vil gå gjennom plantefelt og gamal hagemark.

NVE bør krevje utgreiing av utbyggingsalternativ med tunnel i staden for røyrgate før ein gjer vedtak i saka. Dersom det vert opna for konsesjon må NVE setje krav til utforming av detaljplanar og minstevassføring og aktuelle avbøtande tiltak i konsesjonsvilkåra.

Skjeldvikelva kraftverk

Omsøkte utbygging er dokumentert å føre til tap av INON-område. Vassdraget med fossen er godt synleg i fjordlandskapet på viktige tider av året. Utbygginga er planlagt i eit svært bratt

terreng, og det er ikkje sannsynleggjort at det er mogleg utan at det vil bli store og synlege sår i landskapet.

Det er knytt motsegn til utbygging av Skjeldvikelva slik det ligg føre.

Øvre Digraneselvi kraftverk og Nedre Digraneselvi kraftverk

Det er tidlegare utført inngrep ved Lausevatnet, noko som gjer at øvste del av elva i dag ikkje følgjer naturleg elvelaup. Bygging av to kraftverk i Digraneselva vil likevel føre til mange nye og omfattande inngrep. Vurdert ut frå vassdragets verdi slik det er i dag vil planlagte utbyggingar gjere at vassdragets karakter blir endra på grunnleggjande måte. Digraneselva er med tilhøyrande fosselandskap synlig over store deler av fjorden, og bør sikrast som landskapselement også i framtida.

Det er knytt motsegn til utbygging av Digraneselva.

Sleveåne kraftverk

I inste del av Sørfjorden er dei to delane av Sleeveåni viktige og karaktergivande landskapselement, særleg i øvre del av fjellsida. Bortfall av desse elvane vil vere svært uheldig.

Det er knytt motsegn til utbygging av Sleeveåni.

Byro kraftverk

Sluttsynfaringa viste at utbygging av Byro skal skje i eit svært utfordrande og ulendt terreng. Byro har sitt utløp frå nordre del av Folgefonna, og renn ned eit bratt og dramatisk gjel mot fjorden. Planlagt inntak ligg tett opp til nasjonalparkgrensa. Utbygginga vil føre til INON-tap, sone 1 og sone 2. Etter vår oppfatning vil utbygging av Byro bli synleg frå store deler av fjorden og påverke kvalitetane i nærområdet til nasjonalparken på svært uønska måte. Endringar i landskap er ikkje dokumentert i søknaden.

Det er knytt motsegn til utbygging av Byro slik det ligg føre.

Skiparvika kraftverk

Omsøkte utbygging ligg i området ved Reisetser, der det er ein god del inngrep, som kraftverk, vassuttak og skredvollar. Inntaka til planlagte kraftverk er lagt under synlege fossefall. Røygata vi i det vesentleg gå gjennom skog, og vil i liten grad føre til nye negative verknader i landskapet.

Dersom det vert gitt konsesjon bør det setjast krav om gode detaljplanar, spesielt i området ved bekeinntak 2.

Bråberg kraftverk

Det er tidlegare utført mange inngrep i vassdraget. Bleieelva har likevel i dag mange gode kvalitetar. Elva og fosselandskapet er godt synleg i fjorden. Foreslåtte utbygging har inntak nedafor fossen og kraftstasjon over vegen. Det er i stor grad tek omsyn til landskapet og kvalitetane i området.

Dersom det vert gitt konsesjon bør det setjast krav om gode detaljplanar.

Samla vurdering

Fylkesmannen meiner det er viktig at attverande karaktergivande vassdrag i Sørfjorden vert sikra for framtida. Fylkesmannen går difor i mot utbygging av dei største vassdrag. I tillegg er det viktig å ikkje redusere talet på urørte vassdrag samla sett, då vassdragsnaturen er eitt av dei aller viktigaste elementa som gir sitt preg til fjordlandskapet.

Fylkesdelplan for små vasskraft i Hordaland omtaler viktige tema å ta omsyn til ved vurdering av vidare utbygging i Sørffjorden. I nasjonale mål for sikring av fjellandskap og for villrein framgår det at vi skal vere varsame med utbygging i areal som inngår i nasjonale villreinområde med randsonar. Gjennom arealforvaltninga er det også eit mål å ta vara på attverande inngrepsfrie naturområde. Kunnskap om landskapsverdiar og omsyn til landskapet skal vektleggjast i planlegginga.

Fylkesmannen har spesielt vektlagt følgjande moment i sine konklusjonar: eksisterande landskapsinngrep som påverkar landskapet i stor grad, særleg utbygde og godkjende veganlegg og kraftverk, verdien av vassdragsnaturen, nasjonale mål for nasjonale villreinområde og omsyn til inngrepsfrie naturområde.

Samandrag

Fylkesmannen har motsegn til omsøkte utbyggingar i følgjande vassdrag: Børve-Deildo, Skjeldvikelva, Sleveåni, Øvre og Nedre Digraneselvi og Byro. Fylkesmannen tilrår NVE å setje krav om alternative utbyggingsplanar for Storelvi kraftverk og Espeelvi kraftverk før ein tek stilling til konsesjon.

